

indremisjons NEMEN

ORGAN FOR INDREMISJONSSAMSKIPNADEN
01 - 2025

Med
Årsmeldingar
2024

... og presentasjon av arbeidet og utsendingssaker



Layout: Jan-Ove Fagerheim
Trykk: Haugesund Bok og Offset A/S
Red.: Marit H. Ådnanes
Indremisjonssamskipnaden
Postboks 150, 5401 STORD
Tlf.: 53 41 07 04
Bankgiro: 8220.02.80454
Opningstider Indremisjonskontoret:
Måndag – torsdag: 09.00 – 15.00
Fredag: Stengt
www.indremisjonen.no
post@indremisjonen.no
www.facebook.com/Indremisjons-
samskipnaden

IMS-styret

Ole Bernar Innvær, leiar
Oddvar M. Torget, nestleiar
Petter Lid
Hilde Karin Vedøy Eiken
Eva Karin Schmidt
Tor Tveitane
Henriette Bjørnevik

Sven Tore Kulleseid, 1. vara
Marianne Heggholmen Aarbø, 2. vara
Jan Tore Høiby Hansen, 3. vara

Helgaton Fjellpensjonat A/S

5713 VOSSESTRAND
Telefon: 56 51 98 98
Bankgiro: 8220.02.80497
Dagleg leiar: Hilde Karin Hellesøy Sæle
www.helgaton.no
helgaton@helgaton.no

Brandøy Misjons- og konferansesenter A/S

5584 BJOA
Telefon: 53 76 98 81
Bankgiro: 8220.02.80470
Dagleg leiar: Andreas C. Våge
www.brandoy.no
post@brandoy.no

Framnes KVGS

5600 NORHEIMSUND
Telefon: 56 55 05 00
Bankgiro: 8220.02.80292
Rektor: Harald Voster
www.framnes.vgs.no
postmottak@framnes.vgs.no

SunnBok

Postboks 23, 5401 Stord
Telefon: 53 41 20 01
Dagleg leiar: Silje Fyllingen
www.sunnbok.no
post@sunnbok.no

Framsida-foto:

Gøy på sommarminileir
på Brandøy.

Er me villige til å ta imot bønesvaret?

Marit H. Ådnanes
Dagleg leiar



Dette var tankar eg sat igjen med etter å ha høyrte representantar frå Logoskirken, Nesttun, dela omkring korleis dei vart ei generasjonsforsamling. Det heile starta i bøn. Og dei utfordra nettopp på dette; at forsamlinga må vera villige til å ta imot bønesvaret. Gud er alltid større enn våre tankar og våre planar. Me kan vera redde for å mislukkast, og gjerne mista kontroll. Men det er då Gud verkeleg får visa si makt, og me kan læra oss å stola på han.

Eg trur generelt me er flinke å be til Gud over utfordringar i liv, teneste og forsamlingsliv. Det er bra og viktig! Men er me eigentleg klare til å ta imot bønesvaret, som gjerne kan sjå annleis ut enn me først hadde tenkt? Her finn me også fleire eksempel frå bibelen; Israelittane som ville ut av Egypt, men som klaga då svaret kom på uventa måte. Ville dei verkeleg ha fridomen, eller berre ein betre versjon av det dei kjende frå før? Eit anna eksempel er dei skriftlærde som venta på Messias og utfriaren, men mange av dei kjende ikkje Jesus som den lova Messias då han kom.

I tilfellet med Logoskirken utfordra bønesvaret også endring. Det gjer det forresten ofte. Ber eg Gud om å velsigna mine tankar og idear, eller er eg klar til å lytta til kva Han faktisk vil? På side 6 kan du lesa om pila, der pilspissen representerer 0-35 år. Menneske i denne alderen må i størst grad få bestemma form og farge på møta. Etter fylte 50 år, endrar me oss ikkje så mykje. Kanskje har me vendt oss til ein songstil og ei bestemt møteform? Dersom nye kjem inn med noko nytt, korleis reagerer me då? Dette var også noko dei snakka om på Nesttun. Ei generasjonsforsamling kjem ikkje utan kostnad. Å få 15 nye barnefamiljar inn i forsamlinga, kravde endring. Årleg har dei hatt undersøking, der dei spør medlemene om ulike spørsmål. Det er vanskeleg å få alle til å vera «happy», som dei sa. Nokon melder at dei saknar nyare lovsongar, medan andre igjen melder at dei saknar songar frå sangboka. Samtidig melder dei at det har vore liten motstand.

Kva ber du om i livet ditt og i fellesskapet ditt? Guds svar kjem ikkje alltid slik me ser føre oss, men slik me treng det. Er du villig til å la Gud svara slik Han vil, sjølv om det krev noko av deg?

487 deltakarar på IMS sine leiar


I løpet av 2024 har IMS hatt 487 deltakarar på leir. Sidan alle leirane går over fleire døgn gjev dette oss fleire tusen «leirdøgn» å bygga relasjon til barn, unge og vaksne. Vi får formidla Jesus og kva han har gjort for oss, og vi får sjå deltakarar veksa i tru.

Leiararbeidet kostar oss mykje i kroner og øre, og deltakaravgifta dekkjer berre kost og losji til leirplassen. Men vi ser at leiararbeidet er viktig, og har dette som eitt av satsingsområda våre.

Ynskjer du vera med å støtta leiararbeidet vårt?

Bli fast gjevar til IMS sitt arbeid!
* imf.no
* Velg: gi gåve
* Velg: støtt lokale ImF-prosjektar
* Finn: Indremisjonssamskipnadens Barne- og Ungdomsarbeid

Rekneskapet pr. 31. desember
viser eit foreløpig driftsunderskot
på kr 808 792,-. Året før var det eit
underskot på kr 1 128 522,-.



Gi di gåve med
v:pps
Vipps-nummer: 102696

Ynskjer du å bli fast gjevar?

Kontakt kontoret, tlf 53 41 07 04, eller finn skjema på www.indremisjonen.no

Bønn

Andakt av
Arne Bjørndal
Søfteland Indremisjonsforening



I 2001 var aksjonen, Be for Bergen. En av kveldene under aksjonen fordelte deltakerne seg på fjellene som omkranser byen. Vi tente varder og ba for byen, og alle ble oppmuntret til å be for hjemmeplassen sin. Fra Ulriken ble mitt fokus arbeidsplassen min, Sparebanken Vest.

Uken etter aksjonen, våknet jeg tidlig en morgen, gikk inn i stuen, da kom ordene «vil du gå et steg frem for meg?» Jeg bøydde da kne og svarte at det ville jeg gjøre. Samme dag på jobben, ringte Bergens Tidende og spurte om de kunne komme og intervju meg. De hadde hørt at jeg ba for arbeidsplassen min. BT ville lage en reportasje om det som skjedde under aksjonen Be for Bergen.

Jeg forstod at det var dette Herren ville jeg skulle gjøre. En journalist og en fotograf kom hjem til min kone Else og meg. Vi spiste frokost sammen og jeg fortalte at jeg pleide å bruke reisetiden på bussen for å be. De ble derfor med på bussturen fra Søfteland til Bergen og tok bilde under min morgenbønn for banken. Artikkelen kom på trykk i BT lørdag 13. oktober 2001. Påfølgende mandag kom kollegaer til meg og mange syntes det var fint at jeg ba for dem, det ble mange og gode samtaler.

Dette ble opptakten til at min kollega og venn, Arne Sylta og jeg startet med bønnemøter i banken hver onsdag morgen. Her bad vi for banken, de ansatte og for Bergen by.

I Jeremia 29, 7 står det: «Søk den byens velferd som jeg har bortført dere til, og be for den til Herren! For når det går den vel, så går det dere vel.»

Som etterfølgere av Jesus er vi kalt til å være lys og salt, vi må derfor bruke mulighetene som Gud har gitt oss i bønn for vår neste. I Mark 11, 17 står det: «Mitt hus skal kalles et bønnens hus for alle folk. Mennesker har bedt, Gud har svart deres bønner og byer og land har blitt forvandlet.»

Paulus sier i Kol 1, 3 «Vi takker alltid Gud, vår Herre Jesus Kristi Far, når vi ber for dere.»

Takkebønner er viktig. Takk for hjem, familie, naboer og venner. Takk for mat på bordet, tak over hodet, en seng å sove i og for velsignelser som Herren har gitt deg gjennom årene.

La 2025 bli et år hvor vi står sammen i bønn for land og folk.



ims

VELKOMMEN TIL

ÅRSMØTE

Laurdag 24. mai kl 1100-1730
Øystese Bedehus

- Andaktsord v/ Aud Karin K. Ringvoll
- Årsmøtesaker, samtale, middag og fellesskap
- Utsendingar og andre interesserte er velkomne

Påmelding innan tirsdag 20. mai til:
indremisjonen.no

BØNE SPALTA

BE FOR:

- Dei 11 ungdomane som er med på ConTeenNew
- Nye tilsette på Helgaton
- Påskefestival/Vårtreff
- Årsmøte 24. mai i Øystese

TAKK FOR:

- Inspirerende konferansar
- Damehelga, der me var utvalde og vart utrusta
- Styre og leiarar i lag/forsamlingar
- Brandøy, Helgaton, Framnes og Bildøy
- Les og be: versa som står i andakten

Send gjerne bønneemne til kontoret, så ber vi på andakten i lunsjpausen. SMS 415 17 817 eller på mail: post@indremisjonen.no

«Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve. AMEN.»

- Matt 6, 9-13 -

KRAFT-konferanse på Leirvik Bedehus

8. februar var det tid for den årlege KRAFT-konferansen i regi av IMS. Marit Ådnanes ynskte oss velkomne og minna om 2. Tim. 2, 1-2. Me skal vera sterke ved nåden i Kristus Jesus. Me skal ikkje leita inni oss sjølve etter kraft, men leggja vekt på Jesu styrke.

I salen sat det påmelde frå dei fleste Sunnhordlandsbygdene. Svein Notland med team leia oss i lovsong. Gjennom dagen var det fellestema, seminar og glimt frå lokalt arbeid. Utsendingar frå Logoskirken, Nesttun, hadde første fellestema. Meir om dette på side 6.

Glimt til inspirasjon

Marit Ådnanes fortalde om korleis ungdomar blir utrusta på **ZoomIn på Gilje bedehus**. Kvar laurdagskveld er dette ein møteplass for ungdomar. Samlingane består av undervisning (frå Awana), smågrupper og lek. På styresamlingane kvar fjerde måndag er om lag ti ungdomar med. Halve tida går her til UngdomsAlpha. Slik blir dei unge meir grunnfesta og bevisste i trua si og utrusta til teneste, så dei kan vera trygge gruppeleiarar på laurdagskveldane. Så er det også vaksne leiarar med, både inne på samlingane og som kontakt ute. Dei unge er med og driv arbeidet. Så tek dei med vener som dei lærer opp.

Jarle Havn fortalde om **Bibelgruppefellesskapet på Laurhammer** som starta for ti år sidan. 10-15 personar frå ca 25-85 år møter opp annakvar veke. Dei deler på å leia samlinga og har gjerne eit tema. Etterpå samtalar dei i smågrupper. I eit heilt år har dei delt trushistoriane sine med kvarandre. Både det å dela dei og få høyra kvarandre sine historiar har gitt mykje. Kvar samling avsluttar med bøn og forbøn. Opplegget har gjort at terskelen for å invitere andre med til bedehuset er blitt lågare.

Kjetil Fyllingen frå ImF Stord delte omkring temaet **«Framsakk – kvifor og korleis»**. Det å tala vel om noko og nokon er det same som å velsigna. Paulus oppfordrar oss til å la alle menneske få merka kor venlege me er (Fil. 4, 5a) og til å kappast om å heidra kvarandre (Rom 12, 10). Han fortalde frå arbeidet med Sunnhordlandspodden og korleis det å løfta fram det positive i menneske rundt oss også har opna for gode samtalar om tru og liv. Høyrer me noko godt om andre, kan me spre dette og gjerne påpeika det direkte til dei det gjeld.

Aktuelle seminar

Solvår Angeltveit hadde temaet **«Å anerkjenne kvarandre – korleis kan me gi mot til kvarandre og leva i gjensidig anerkjenning mellom generasjonane»**. Ungdommane lengtar etter det som er ekte og går på bibel-

seminar, bøneseminar og vil gjerne ha forbøn. Dei lengtar etter å ha førebilete, nokon som kan gå saman med dei. Det er viktig at me som er eldre enn dei, støttar deira initiativ og gir vidare det me har fått gjennom våre liv, er trygge vaksne som heiar på dei og elsker dei. Me må anerkjenne dei med orda våre og med å vera til stades for dei.

Då Jesus blei døypt, fekk han ei anerkjenning av Gud. Dette gir Gud også til oss, og når me anerkjenner andre, tek me del i Guds anerkjenning over sine barn. Alle treng me å vita at me er elska av Gud, at Gud er for oss, og me treng å ha nokon rundt oss som elsker oss. Gud har gode tankar for oss (Jer. 29, 11). Om me gjer noko dumt, har Gud fortsatt dei gode tankane om kven me er, og han har fortsatt sine gode planar for oss. Dette treng ikkje minst dei unge å få høyra. Me må ikkje drepa håp, draumar og ambisjonar med orda våre, men skapa tru, håp og forventning. Det handlar om å henta fram gullet i dei me har rundt oss. Me verken kan eller må lika alt, men me kan anerkjenne det som er godt, me kan leita etter gull.

Ung-avdelinga i IMS hadde seminar om **korleis ein kan utrusta ungdom i leiaroppgåver**. Her handla det om kva kan ein gjera for å motivera og støtta ungdom til å ta eit steg ut i leiarrolla og ikkje minst viktigheten av det. Ungdom



er morgondagens leiarar, og det er derfor viktig at me tenkjer utrustande og berekraftig. Eit av hovudpunkta var å kartleggja potensialet i ungdommane ved hjelp av verktøy som «ferdighets-testen».

Så hadde også Per Torgeir Nilsen eit høgaktuelt seminar «**Stå fast på sanninga. Brytningar i tida**». Mange deltok på dette seminaret som tok stad i hovudsalen. Seminaret vart dekkja av Sambåndet, som tar tematikken opp i seinare nummer.

Korleis leggja til rette for godhetskultur

Solvår Angeltveit, tilknyta IMI Stavanger og skoleleder i Acta, fortalde at IMI har eit slagord: «Små ting gjort i kjærlighet, kan forandre verden». Innleiingsvis fortalde Solvår om ei forsamling som fekk spørsmålet: «Viss me legg ned forsamlinga vår, korleis vil folk i byen vår merka det?» Dei blei ganske deprimerte, då dei måtte erkjenne at kanskje ingen rundt dei ville merka det. Dei begynte å tenkja utover, og stilte spørsmålsteikn ved kva me kan bety for denne byen. Dette er også spørsmålsteikn IMI stiller. I august 2006 gjennomførte IMI si første «Godhetsuka». Sjølv om dei har ei veke på timeplanen som dei set av til godhet, ynskjer dei først og fremst å bygga kultur.



Skann QR-koden for å lesa meir om Godhet i IMI.

Solvår Angeltveit



Det gode kan overvinna det vonde (Rom. 12, 21) og «lat oss ikkje trøytna medan vi gjer det gode!» (Gal. 6, 9), var aktuelle bibelvers Solvår løfta fram. Me skapar det gode i oss, når me gjer det gode omkring oss. Det aukar lukkekjensla, og er positivt for givar og mottakar. Godhet er motstraums. Det er krefter som ikkje vil dette. Det skjer ikkje av seg sjølv. Det må byggast, erfarast og forkynnast. Så må me øva oss, utfordra Solvår. Korleis kan me bli meir visjonsstyrte for arbeidet vårt? Godhet er med å visa kven Gud er, det gir håp og det bygger ny atmosfære.

Solvår fortalde fleire gode historier om kva godhet har betydd, både for givar og mottakar. Dei hadde sett mange gledesstær gjennom å visa godhet. Ta

gjerning. Kjærlig viser seg i gjerning. gjerne ein kikk her: <https://www.imikirken.no/godhet>. Ord kan fort bli gløymt, men viss me erfarer godhet, vil det bli hugsa. «Just do it!», utfordra Solvår nok ein gong.

Under «Hjartetid», mot slutten av dagen, hadde Linda Aase fokus på betydinga av leiararbeidet, både for dei unge sjølv, men også for lokalt arbeid. Ho trakk fram dei fire t-ane: tosidigheit, tryggleik, tole og tid. På leir er dialog med den unge viktig. Her skal det vera trygt for alle å vera. Ein skal tola kvarandre og ein får mykje god tid saman. På leir ynskjer me å løfta den unge fram til Jesus (Mark. 10, 13-15). Ho avslutta med å takka for alle som engasjerte seg i leiararbeidet. Så er det også rom for fleire lokale leiarar.



Svein Notland med team leia lovsong

Jarle Havn



Per Torgeir Nilsen



Alle foto denne sida: Kjetil Fyllingen

Logoskirken – generasjonsforsamlinga på Nesttun

Under KRAFT-konferansen fekk me høyra Paul Rødstøl, Edgeir Gunvordal og Joakim Fiskå dela frå korleis generasjonsforsamlinga Logoskirken blei danna i Nesttun bedehus.

Restarten, om tilvekst og nye barnefamiljar

Paul hadde vore aktiv i Nesttun bedehus frå 80-talet. Det var då mange aktivitetar for både barn, ungdomar og vaksne, men utover 2000-talet blei uroa for framtida stadig sterkare. Dei mangla etterkvart barnefamiljar, dei var få arbeidrarar og sakna ein leiar som kunne driva forsamlinga framover. I mange år bad dei om tilvekst, og konkret om tre nye barnefamiljar. Edgeir og Joakim var på si side aktive i Salem i Bergen. Begge ønska seg ei forsamling nærare der dei budde. Etterkvart fekk dei kontakt med Paul og etter brainstorming, mange møter med styret i Nesttun Indremisjon, møter med Runar Landro, årsmøter, danning av interimstyre og ei prøvegudsteneste, var første gudsteneste i Logoskirken ein realitet august '22. Den «gamle» forsamlinga blei med stort fleirtal lagt ned, og noko heilt nytt starta. Logoskirken er knytta til både ImF og NLM. I 2023 blei

ein pastor ansatt og i 2024 var det over 150 medlemmar i forsamlinga. Dei har gudsteneste med barnekyrkje kvar søndag klokka elleve, barnekor, smågrupper, konfirmantarbeid m.m. Heile 15 barnefamiljar går der fast no.

Alle generasjonar er viktige

Dei brukte bilete av ei pil for å forklara korleis ei generasjonsforsamling verkar. Pilspissen er dei ifrå 0-35 år. Dei har eit stort nettverk og har lettast for å brøyta veg i unådde miljø. Spissen må i størst grad få bestemma form og farge. Skaffet er dei frå 35-55 år. Dei har større barn/ungdomar og dreg gjerne med foreldre. Det er

dei som held «ting» saman. Fjóra bak er dei frå 55 år og oppover. Dei styrer pilspissen i rett retning, ynskjer velkomen, men dreg ikkje flest nye. Dei er dei som foldar hendene mest.

Viktig å ta imot bønesvaret

Om nokon går med tankar om å få til noko liknande, er det viktig at alt startar i bøn. Så må også forsamlinga vera villige til å ta imot bønesvaret. Det er viktig å rekna med Gud som er større enn oss og tenkjer høgare tankar enn oss. Ein må godta endringar der det handlar om å gi og ta og ikkje vera redd for å mislukkast. Då prøver ein andre løysingar.

Björg Marit Notland



F.v. Edgeir Gunvordal, Paul Rødstøl og Joakim Fiskå

Foto: Kjetil Fyllingen

RUTS BOK: Frå desperasjon til håp

Bibelkveldar på Leirvik bedehus




Foto: Kjetil Fyllingen

Denne vinteren har ImF Stord invitert til fem spennande bibelkveldar der Tor Espen Kristensen har leia oss gjennom Ruts bok.

Første kvelden vart vi introdusert for Ruts bok. Vi fekk eit innblikk i korleis det var å leva på den tida og litt om kva budskapet i boka er. Til dei neste kveldane var det «lekse» å lesa neste kapittel og svara på nokre spørsmål. Når vi møttest samtala vi rundt borda om det vi hadde lese og diskuterte spørsmåla, før vi fekk undervisning ved Tor Espen som samla trådane for oss. Dette vart fem spennande og lærerike kveldar. Tusen takk til Kristin og Tor Espen Kristensen som tok initiativet til kveldane.

Vil du læra meir om Ruts bok, så ligg undervisninga og spørsmåla ute på nettsida til ImF Stord: imfstord.no/bibelkveldar-pa-leirvik.bedehus/



Her er kommentarar frå nokre av dei som har deltatt:

«Veldig kjekt med grundig gjennomgang av stoffet, og å få samtala i grupper om det vi har lese før vi får undervisning»

«Tor Espen er ein dyktig formidlar og det er tydeleg at han har sett seg svært godt inn i bibeltekstane. Det er inspirerande for bibellesinga når ein går i djupna på tekstane og får med meir av det som står mellom linjene. Det er mykje rundt det historiske og kulturelle vi går glipp av når vi les i Bibelen på eiga hand. Meir kunnskap gir endå meir liv til bibeltekstane»

«Godt fellesskap! Spennande gruppesamtaler og veldig interessant og inspirerande undervisning!»

«Veldig kjekke kvelder. Kjekt å jobbe med ein bibeltekst på denne måten. Når ein svarer på spørsmåla kun ut frå bibelteksten, utan "fasit" må ein tenke sjølv, og les teksten på ein heilt anna måte. Kjekt å ha slike kvelder som forsamling, veldig kjekt med stor spredning i alder»

Velsigning ved å gi



Marianne Heggholmen Aarbø er oppteken av fast gjevarteneste, og er også leiar i komité som ser på korleis IMS kan auka inntektene.

Gjevarteneste kan av og til bli eit tema som er vanskeleg å snakke om. Kor mykje skal ein gi og kven skal ein gi til? Eit anna spørsmål er korleis ein samlar inn midlar til arbeidet. Det har blitt jobba godt og trufast i årevis rundt om i bygdene med basarar, messer og kollektar. Dette er gode fine tiltak som eg håpar me ser også i tida framover. Me må likevel erkjenne at me ikkje klarer å finansiere alt indremisjonsarbeidet med kollektar, messer og basarar. Me må snakke om fast gjevarteneste i IMS.

Kor mykje me skal gi er vanskeleg å gi eit godt svar på. Dette avhenger jo litt av kva situasjon ein er i. Eg er opptatt av å ikkje snakke uforsvarleg om å gi. Likevel trur eg det er mange som kan bli utfordra til å gi tiende – altså 10 % av netto inntekt (nokon vel å tenke av brutto inntekt). Me må ikkje gløyme velsigninga ved å gi. Det er også lurt å begynne frå ein er ung, men det er aldri for seint å begynne.

Kven skal ein då gi til? Eg tenker at ein må tenke indremisjon, ytremisjon og organisasjonar som jobbar med ulike tema. Indremisjon er grunnlaget for både ytremisjon og organisasjonar som jobbar med ulike tema, så dette arbeidet er ekstra viktig. Dersom me vil ha eit IMS som jobbar med leirarbeid, lagsstøtte, talarhjelp og andre felles arrangement treng me at ein større del av midlane går til IMS.

Nokon synes det er lettare å gi til eit konkret prosjekt. Men prosjekt utan ein samanheng blir ikkje noko godt prosjekt. På Haustmøtet brukte eg innsamlinga til varmpumpe på Brandøy som eksempel. Kr 50 000 vart samla inn på under ei veke. Men kva skal me med ei varmpumpe dersom me ikkje har eit hus til den, kva skal me med eit hus dersom det ikkje er folk der, og kva skal me med folk i eit hus dersom ikkje Guds ord blir forkynt. Me står i ein viktig samanheng, og me treng fast gjevarteneste for å drive IMS.

**Ynskjer du å bli fast gjevartil IMS,
eller ynskjer du auka gjevartenesta du alt har?**

Slik går du fram...

...om du vil bli ny gjevartil:

Gå til imf.no

Velg: gi gave

Velg: støtt lokale IMF-prosjekt og leit opp:

* Indremisjonssamskipnaden eller

* Indremisjonssamskipnaden Barne- og ungdomarbeid

**...om du har fast gjevarteneste,
men vil endra beløp:**

Gå til imf.no

Velg: Min side

* Logg der inn med telefon eller e-post

* Gjer dei endringane du vil



Barne- og ungdomssidene



Eirik Stensland - Lise Marie Th

Leirar framover

Brandøy:

Påskefestival

8. klasse+
11.-15. april
Pris: 1650,-

Sommarminileir

2.-4. klasse
13.-15. juni
Pris: 950,-

IMS Sommarfest

For alle
20.-22. juni
Pris: Maks 5300,-
3-7 år: 895,-
8-12 år: 995,-
13-16 år: 1350,-
Vaksen: 2090,-

Sommarleir

5.-7. klasse
27.-29. juni
Pris: 950,-

Familieleir

For heile familien
2.-6. juli
Pris: Maks 6500,-
3-7 år = 1140,-
8-12 år = 1260,-
13-16 år = 1690,-
Vaksen = 2340,-

Helgatun:

Minileir

2.-4. klasse
24.-26. juni
Pris: 950,-

Tweensweekend

5.-7. klasse
24.-26. juni
Pris: 950,-



Indremisjonssamskipnaden
Med Guds ord til folket

Meir info finn du på nett-sida vår under fana «Arrangement» og deretter «Leirar». Her kan du melde deg på leir og lese meir om kva ein leir inneheld.

www.indremisjonen.no
post@indremisjonen.no
tlf 53 41 07 04

Skileir 2025

I månedsskifte januar/februar fylte vi opp ein stor buss med ungdommar og sette kursen mot Helgatun. Morgon og kveld hadde vi andakt og bibelundervisning om å gje livet sitt til Jesus. Laurdag fekk vi ein heilt fantastisk dag i Myrkdalen og vi droppa den tradisjonsrike underhaldninga for å få med oss kveldskjøringa i trekket. Sjølv om laurdagen var lang for mange så blei det ein flott deleveld på slutten av dagen. Fleire gjekk til forbøn og mange blei sittande igjen å be saman, lese i Bibelen eller berre være stille. Snø og bibel er ein god kombinasjon!



UNGS QR-hjørne

Kva er greia med bøn?

«Bønn er personlig kommunikasjon med Gud, som får mange ulike uttrykk. Bønnen beveger Gud, betjener oss og berører verden når vi ber i Jesu navn. Den kristne kalles til et liv i bønn, hvor man tilber Gud for seirene og har tillit til Gud midt i spørsmålene. Bønn er Guds gode gave til sine barn» Daniel Sæbjørnsen tar oss med på ei vandring for å svare på spørsmålet: Kva er greia med bøn? Det er kraft i bøn! Gud ynskjer å ha ein relasjon til oss. Han ynskjer at vi ber til Han.

Denne filmen på «youtube» er ein av fleire filmar som Sæbjørnsen har på sin youtubekanal «Preach! Med Daniel Sæbjørnsen».





Litlabø - Linda Aase

Mitt bibelvers!

Jesus seier: «Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg.

Johannes 14,6


Jessica Aase Manangi, 11 år



«Stikk innom» i gong igjen

Jondal har i fleire tiår hatt ein ungdomsklubb som heiter «Stikk innom». Eit lågterskeltilbod til alle ungdommar i bygda. Etter korona har denne klubben slitt med å få nok leiarar. Lise Marie Th. Litlabø og Linda Aase var med på møte for å finne ut om me kunne hjelpe på noko vis. Me i IMS ynskjer å hjelpe lag som slit. Det er ikkje alltid me klarar å strekke til geografisk eller tidsmessig, men me gjer det me kan. Dette resulterte i at Linda har vore med nokre gongar i haust slik at leiarkabalen går opp. «Stikk innom» er ein klubb som handlar om å ha dørene opne for ungdommane. Det er mogeleg å kjøpe mat og drikke i kiosken, spele ulike spel og ha fellesskap saman. Sist gong Linda var i Jondal var det samla 19 ungdommar. Andre gongar har det vore 25. Det er viktig at me saman kan gjere ein innsats for at ungdommane våre har ein trygg plass å kome til; ein plass dei får høyre om Jesus og der dei kan ha fellesskap med kvarandre.

Me er veldig takknemlege for alle frivillige i vår krets som står på for å lage ulike fellesskap til barn og unge. Dette er ein utruleg viktig jobb. Me veit at fleire lag dessverre aldri kom i gong etter korona. Enten på grunn av mangel på leiarar eller deltakarar. Dette er veldig trist. Kristne fellesskap er så viktig. Om du og ditt lag treng hjelp med å få fleire leiarar så gi beskjed. Me vil hjelpe så godt me kan. Kanskje du som les dette kan vera med å bidra inn i ditt lokale barne- og ungdomslag, eller kanskje i nabobygda? Saman kan me gjere stor forskjell. Ingenting er betre enn å vere eit lys for Jesus.



Awana®


Visjon: "At barn og unge skal kjenna, elska og tjena Jesus gjennom heile livet."

Oppdrag: "Nå barn og unge med evangeliet samt å utrusta leiarar.

I Awana ynskjer vi å ta barn og unge si tru på alvor. Vi trur at barn aldri er for små til å høyre om Gud eller frå Gud. Dei er morgondagens kyrkje og leiarar.

Awana tilbyr kyrkjer og organisasjonar eit solid undervisningsmateriale, bidrar til at barn og unge får læra Jesus å kjenna. Vidare vil vi legga til rette for at foreldre får redskap og språk til å snakka om tru med sine barn."

Awana har ulike produkt for dei ulike aldersgruppene. Dette kan brukast både i dei lokale laga og på heimebane. Gå inn på awana.no for meir informasjon.



Misjonstur 2025

Kvart år, i vinterferien, reiser vi på tur med konfirmantane i IMS. Dette skuleåret har vi hatt et knippe med 11 fantastiske konfirmantar. Saman med tre av leiarane tok vi inn på idylliske Audnastrand i Lindesnes. Ein tur på seks døgn er utruleg sosialt. Vi blir veldig godt kjent, vi har mykje sosialt på programmet. Vi les bibelen saman, høyrer undervisning, ber saman, lovsyng saman, vi lagar mat saman og lever ganske tett på kvarandre ei slik veke. Alt dette er bra i seg sjølv, men dette er ikkje målet for turen. Vi kallar det ein misjonstur for det er misjon vi er ute etter å få sjå. Menneske som gjev av si tid og sitt liv for å gje andre menneske evangeliet om Jesus og gje vidare den kjærleiken dei sjølve har fått opplevd hjå Han.



Heile gjengen samla ved Lindesnes fyr

Misjon i fokus

Gjennom veka har vi besøkt mykje forskjellig. Vi har besøkt Filadelfia i Kristiansand der vi har fått høyre om arbeidet «Damer i byen» og møtt nokre av dei. Vi fekk høyre frå FOS som driv med førebyggjande rusarbeid og vi var med på matutdeling på hjørnet av KRS (tidlegare Q42).

Shelter i Kristiansand er ein eigen stiftelse som driv med integreringsarbeid for nye landsmenn. Midt i Kristiansand bur eit norsk ektepar i eit kvartal der mange frå andre kulturar er busett i leilegheiter vegg i vegg. Målet er å integrera dei i norsk kultur og hjelpa dei med alt frå NAV til bleiekjøp på Coop, og alt i mellom. Ekteparet som driv dette arbeidet er kristne og deler mykje av si eiga tru med naboane sine. Det er og tilbod om kristne aktivitetar som for eksempel bibelgrupper mm.



Bak f.h.: Andreas Matre, Ole-Jakob Wiik, Viljan Solbakken, Amalie Litlabø, Ina Louise Ø. Hatlevik, Elice Grigoryan, Ingrid R. Hageberg, Rakel Karoline Fosse

Shalam i Kristiansand driv eit stort arbeid blant dei mest vanskelegstilte i byen. Dei driv arbeid inn mot rusavhengige, prostituerte og menneske som er utsett for menneskehandel. Vi fekk vera med dei på kontaktkaféen deira og dela ut eit varmt måltid mat til dei som måtte trenga det. Innimellom serveringa fekk vi høyra om alt arbeidet dei driv. Vi fekk treffa både tilsette og menneske som Shalam hadde fått bety noko for.

Sist, men ikkje minst, fekk vi besøka KVS Lyngdal. Der fekk vi omvising og litt info om skulen frå elevar som går der, deriblant Malin og Eline Stokken som er frå vårt område. Til slutt fekk vi vera med på kveldsmøte saman med godt over 200 KVS-arar.

Mange inntrykk

Det gjev inntrykk å møta så mange flotte menneske på ei veke. Og dette set spor i oss alle, både vaksne og ungdommar. Vi er stolte av heile konfirmasjonsopplegget vårt, ConTeenNew, men denne turen er nok eit høgdepunkt i løpet av konfirmasjonsåret. Som ein avslutning på turen er det stas å sjå, og ikkje minst høyra, eit enormt engasjement frå konfirmantane når dei ber over og diskuterer kva pengane dei samla inn i forkant skal gå til. Det å få omsorg for andre menneske er noko vi ser at Gud skaper i oss på denne turen. Det er rett og slett heilt enormt stort å få vera ein del av.



Klart ein må ha ei treningsøkt med PT når ein har sjansen. Godt Shalam har eit eiga «Kraftverk»



Vi fekk vera med på matutdeling i Kristiansand

2025

LYNGDAL BIBELCAMP



U 27

30. juni-6. juli

LEIRSJEF: Lærer, Solveig Hosøy.

BIBELTIMER: Bibelskolerektor, Andreas Evensen.

KVELDSMØTER: Radiopastor i P7, Ingvald A Kårbø.

LOVSANG: VBF Lovsang (Vea Bedehusforsamling)

FREDAG 21.30: «Sammen i sangen» ved VBF Lovsang.

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00: Jorunn Singstad Djupvik, fra Awana.



U 28

7.-13. juli

LEIRSJEF: Markeds- og arrangementsansvarlig i ImF, Kenneth Foss.

BIBELTIMER: Bibelskolelærer, Ole Magnus Breivold.

KVELDSMØTER: Svein Granerud, Normisjon mandag til onsdag. Sangevangelistene Marit og Irene torsdag til søndag.

LOVSANG: Familien Lønsesløyken.

FREDAG 21.30: «Star og hope» konsert.

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00: Jarle Waldemar



U 29

14.-20. juli

LEIRSJEF: Lærer, Solveig Hosøy.

BIBELTIMER OG KVELDSMØTER: Pastor Torgeir Lauvås mandag til torsdag. ImF- Leder Runar Landro torsdag til søndag.

LOVSANG: Familiene Sangolt og Voldsund.

FREDAG 21.30: «Sammen i sangen».

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00: Rebecca Waldemar



U 30

21.-27. juli

LEIRSJEF: Kretsleder Ragnar Ringvoll.

BIBELTIMER: Kretsleder Johan Halsne.

KVELDSMØTER: Forsamlingsarbeider Aud Karin K Ringvoll.

LOVSANG: Sarah og David Åstrøm sammen med RETT KURS.

FREDAG 21.30: Konsert med Åstrøm og RETT KURS.

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00: FUNDAY i regi av Kidzcamp. Aktiviteter og konkurranser for små og store.



**Egen
Kidscamp og
Ungdomscamp
alle uker**

Booking av rom og leiligheter åpnet 7 februar, mens booking på campingplassen åpner 28 februar.

Booking skjer på kvs-camping.no eller tlf 38 33 06 00.

Hver uke er det seminar, cafe, quiz, turer, basar/misjonsløp, storsamling og grilling.

FOR MER INFO OM PROGRAM SJEKK BIBELCAMPEN.NO



www.bibelcampen.no

Mi trushistorie

Av Marit Hårklau Ådnanes



Les meir om
Ragnhild og Tore Skeie
på www.HimalPartner.no

Trass i at Tore Skeie har mange jern i elden, møter eg også denne dagen i januar ein avbalansert Tore til digitalt intervju. Han er i Oslo hos familie, saman med kona Ragnhild. Dagtid håpar han å få fullført sin del av bokprosjektet for HimalPartner.

Tore er ekte «Norheimsundsgut», og budde her til han flytta som 19-åring. – Men eg har eit fedreland nummer to, kjem det kjapt frå Tore. Me kjem tilbake til nettopp det.

Velsigning i fleire ledd

- Sjølv om oldefar min døydde lenge før eg vart fødd, har han betydd mykje for meg, seier Tore. Han hadde ikkje eit enkelt liv. Fire av ni barn døydde relativt tidleg. Om kvelden då han var i smia og arbeidde, tok han gjerne dei yngste på fanget, bad for dei og ynskte Guds velsigning. Velsigning i fleire ledd er ein realitet i vår familie.

Avgjerande leir på Brandøy

- Eg gjekk på søndagsskulen då eg var liten. Frå 10-års alderen reiste eg på leir til Lundeneset og Brandøy. Helgatun var ikkje bygd på den tida. Me reiste gjerne i ti-tida om morgonen, og var framme i kveldinga. Me reiste ein gjeng saman, frå 10-11 år og opp til 13-14 år. Fleire av dei som reiste, har halde trua, og er aktivt med i dag, fortel Tore.

Ein spesiell leir på Brandøy i 1968 vart avgjerande for Tore. – Eg bad om at eg måtte få møta Jesus på ein konkret måte. Kåre Steinsund fekk leia meg til ei bevisst Jesus-tru. Eg kjente for alvor på Guds nærvær og fekk ei djupare forståing av kva det vil seia å leva i trua.

Jesus-knapp på jakka

Etterkvart vart skulelaget i Øystese viktig for Tore. Her samla dei seg for å diskutera tru, be saman og støtta kvarandre. – Eg gjekk rundt med Jesus-knapp på jakka og bibelvers på scooteren, minnest Tore. Så var han også med i Norheimsund og Øystese ungdomskor. Det var ei utruleg rik tid åndeleg sett. Her traff han også Ragnhild, som etterkvart vart kona. Ragnhild (før Teigen) kjem frå Husnes. Saman har dei fire barn i alderen 34 til 45 år, og sju barnebarn i Oslo, Kristiansand og Geneve.

Studentlivet med diskusjonar i korridorane

Etter militæret var Trondheim og sivilingeniørstudiet neste stopp for Tore. Det var ei brytningstid politisk, der ein vart sterkt utfordra på Jesus-trua. Det vart mykje diskusjonar i korridorane. Mange medstudentar kom til tru på 1970-talet. – Me var om lag 450 aktive i studentlaget. Det var sterkt sosialt fellesskap og viktig

fase i mitt trusliv, seier Tore. Me drog på køyreturar, bygde studentkapell på dugnad og hadde ansvar for bibelgrupper. Her fekk eg mange gode venner som eg framleis held kontakten med.

Kallet

Påskan 1981 fekk Tore eit aerogram frå Odd Hoftun i Tibetmisjonen, no HimalPartner, med kallsutfordring om å bryta opp og reisa til Nepal. Januar 1982 reiste Ragnhild og Tore saman med dottera på to år.



I Nepal arbeidde dei i ein internasjonal misjonsorganisasjon med kollegaer frå meir enn 20 land og ulike kyrkjesamfunn, i eit land der det var ulovleg å omvenda seg til kristen tru. Dei arbeidde som teltmakarar. Tore dreiv med opplæring av yrkesskuleelevar og var leiar for eit entreprenørselskap. Diakonalt arbeid var akseptert. – Me kunne ikkje bygga kyrkjer, men me kunne arbeida med Jesu Ånd, seier Tore. Me måtte vera kloke, og gjera det på ein måte som ikkje skapte problem.

På spørsmålet om det er nokon som har betydd ekstra i forhold til tru, løftar Tore opp Odd Hoftun. Hoftun hadde eit holistisk syn på kva Gud har kalla oss til. Det er evangeliet i ord og gjerning. Han var enormt dedikert, enten det var landbruk, helsearbeid eller anna.

Utruleg vekst og forandring

Gjennom revolusjonen i 1990 som resulterte i demokrati, oppstod det

stor stor vekking i Nepal. På slutten av 80-talet var det under 100 000 kristne. Ti år etterpå var det rundt ein million kristne. Dei kristne i Nepal var flinke til å utnytta fridomsperioden.

- For meg var dette eit Guds mirakel. Misjonsarbeidet i Nepal utfordra meg på mange måtar, men det styrkte også mi tru og tillit til Guds leiing, seier Tore.

Litt nysgjerrig, og etter søk på nettet, fann eg mellom anna dette sitatet etter Tore og Ragnhild sin innsats i Nepal: «Deres dedikasjon og arbeid har hatt en varig innvirkning på utviklingen av infrastruktur, utdanning og samfunnsbygging i Nepal». Vel verdt å ta med.

Kallet no

Tore og Ragnhild var ute i Nepal i fleire bolkar fram til 2015. Tore løftar fram kona Ragnhild som viktig medspelar i truslivet og i kallet. No er dei tilbake i Norheimsund. Tore er med i styret i Norheimsund Indremisjon, og prøver å prioritera dei oppgåvene som ligg lokalt. – Eg kjenner at dette er mitt kall no, seier Tore. Mine talent ligg gjerne meir på det organisatoriske og styrerelaterte enn evangelisten. Forsamlinga betyr veldig mykje for meg. Her har eg mine næraste venner. Samtidig kan ein bli så opptatt med det som skjer på bedehuset, at det går på bekostning av det store oppdraget. Relasjonsbygging og diakonalt arbeid er kjempeviktig. – Det er viktig i mitt liv å ha nære relasjonar også med folk utanom bedehusmiljøet.

Enklare teologi

Ragnhild og Tore har begge eit praktisk kvardagsvers som dei stadig vender tilbake til frå Mika 6, 8: «Han har kunnngjort for deg, menneske, kva godt er. Og kva krev Herren av deg? Berre at du gjer rett, viser trufast kjærleik og vandrar audmjukt med din Gud.»

– Mi trusreise har vore prega av mange opplevingar, utfordringar og velsigningar. Teologien er blitt så mykje enklare. Det er mange ting eg ikkje forstår, men meir og meir kviler eg i at det Jesus gjorde for meg, er nok for tid og æve. Eg ser fram til resten av livsreisa med den nådige Gud som mi leiestjerne, avsluttar Tore.

Varm takk til Jorunn og Aksel Ingvard

I august 2018 gjekk Jorunn og Aksel Ingvard Johannessen inn i leiarteam på Helgaton, då med Sylvi Røssland Sørfonn bak hovudroret. Frå 1. mai 2019 vart Jorunn dagleg leiar, med Aksel Ingvard som nestleiar. Frå nyttår sa dei opp sine stillingar.

Me ynskjer å retta stor takk til dykk begge for fantastisk innsats desse åra. Saman har de bygd godt team rundt dykk med dei andre tilsette på Helgaton, nærast som ein familie. De har tatt oppgåva å skjøtta hus og økonomi på største alvor, og tilpassa dykk i forhold til arbeidsperiodar og arrangement. De har leia gjennom ei spennande tid med store endringar og medfølgande ekstra oppgåver. Koronapandemien krevde sitt. Helgatonlia har

blitt realisert i perioden, der leigheiter også skulle møblerast og leigast ut. Helgaton har blitt oppgradert, og framstår i ny drakt.



De har stått på seint og tidleg, og ikkje spart dykk på noko vis. Mange turar har det blitt att og fram Mosterhamn – Helgaton. No unner me dykk rolegare dagar, inn i pensjonisttilværet.

I forrige nummer kunne de lesa om Hilde og Arild Hellesøy Sæle som no er på plass som nytt leiarteam på Helgaton, der Hilde er dagleg leiar. Dei er godt i gong med arbeidet. Så er me også glade for at de, Jorunn og Aksel Ingvard, er positive til å avhjelpa noko i ein travel vintersesong.

Igjen, tusen takk for at de var villige, og for uvurderleg innsats. Me ynskjer Guds velsigning vidare over liv og kvardag.

MHÅ



Takk for alt det lyse!

Mange gongar har eg tenkt at eg ville takka, og no gjer eg det. Eg vil retta ein stor takk til alle menneska eg møtte i Indremisjons-samskipnaden i ungdomstida mi. Og så vil eg takka for dei haldningane eg møtte. Eg vil takka for det fokuset som var. Og eg vil takka for all humoren. Eg var heldig og fekk vera leiar på leir på Helgaton i mange år saman med gode ungdomsvenner og kloke vaksne, både frivillige og tilsette. Vi hadde det så utruleg artig, det var morosamt, lærerikt og utviklande. Humoren stod sentralt, saman med det som eg opplevde som eit sunt og godt leiararbeid for barna vi var leiarar for. Gjennom leiararbeidet lærte eg meg å leia, og eg lærte meg at eg elsker å vera saman med barn. Kanskje var det der



læraren i meg vakna? Ikkje minst lærte eg at det å reisa på leir, det er noko det beste livet har å by på. Det har eg lært vidare til mine egne born, og det er verkeleg ei gåve som ikkje kan målast i pengar! Gjennom leiaroppgåvene på Helgaton fekk vi unge gode førebilete i dei vaksne, dei tok oss på alvor og var tydelege, samstundes som vi hadde det morosamt saman. Seinare blei det samlingar med det store ungdomskoret som var sett saman av kor frå heile krinsen, og det var mange artige turar til ulike stader i området, og samlingar på Framnes. Vi var heldige som fekk møta andre ungdommar i området, og det er vel ikkje til å stikka under ein stol at det blei litt flørtig og forelsking under desse samlingane. Slikt høyrer med!

Noko av det eg er mest taknemleg for, er at eg opplevde forkynninga som lys, glad og med fokus på det sentrale i kristenlivet. Kanskje er det nettopp derfor behovet for å ta oppgjer, som mange

opplever i andre samanhengar, ikkje har vore til stades. Det har vore avgjerande for at eg ser tilbake på denne tida som så god. Eg gjorde andre erfaringar då eg kom i andre samanhengar. Gleda over at eg ikkje opplevde tronge rammer og strenge haldningar i Samskipnaden er verd ein takk! Som prest i Den norske kyrkja har eg teke nokre standpunkt som kanskje går på tvers av det som pregar hovudlinjene i teologien i Samskipnaden. Vi lever i ei tid der det er mykje polarisering, både på verdsbasis, men også innom våre kristelege samanhengar. Det opplever eg som øydeleggande og trist. Det er mogleg å ha to tankar i hovudet samstundes, uansett kva ein meiner eller står for. Eg kallar meg framleis bedehusjente, fordi eg med stoltheit tek med meg det beste av arven frå bedehuset, frå leiararbeid og erfaringar og opplevingar i regi av Indremisjonssamskipnaden. Det pregar forkynninga mi, livet mitt og historia mi.

Eg nemner ingen namn, men de veit kven de er! Takk!

Marita Børke Ådland
Sokneprest i Slemmestad
og Nærnes menighet

Reiseruta mars, april og mai

Veke 12	19. mars	Marit Hårklau Ådnanes	Tysnes
	21. mars	Linda Aase	Stikk Innom Jondal
	22. mars	Marit Andresen Røen	Ølensvåg
	23. mars	Arne Lindekleiv	Uskedalen
		Ola Malvin Lomheim	Fitjar
		Eirik Stensland	Ølensvåg

Veke 13	26. mars	Kåre Johan Hamre	Auklandshamn
		Bildøyelevar	Mini-Pit Stop Leirvik
	27. mars	Kåre Johan Hamre	Huglo
	28. mars	Kåre Johan Hamre	Fredagsklubben Leirvik
		Bildøyelevar	Between Laurhammer
		Bildøyelevar	UKS Leirvik
	28.-29. mars	Kåre Johan Hamre	Guddalsdalen
	29. mars	Marit Andresen Røen	Laurhammer
		Bildøyelevar	ZoomIn Gilje
		Bildøyelevar	Aktiv Moster
	30. mars	Bildøyelevar	Gilje
		Kenneth Foss	Fitjar

Veke 14	1. april	Lise Marie Th. Litlabø	Bømlo MiniMax
		Marit Hårklau Ådnanes	Ressursgruppetreff Shl.
	2. april	Eirik Stensland	ConTeenNew
		Lise Marie Th. Litlabø	Mydredag Moster
		Kåre Johan Hamre	Bømlo
	2-6. april	Marit S. og Jarle Berland	Jondal
	4. april	Linda Aase	Nattcafe Husnes
		Kåre Johan Hamre	UFO Bømlo
	5. april	Kåre Johan Hamre	ZoomIn Gilje
		Eirik Stensland	Auklandshamn
	6. april	Tor Espen Kristensen	Moster
		Ingebrigt S. Sørffonn	Os
		Olav Eikemo	Kyrkjetoynet Ølen
		Marit Hårklau Ådnanes	Homeland

Veke 15	10. april	Lise Marie Th. Litlabø	TorsdagsOpe Sagvåg
	11.-15. april	Eirik Stensland	Påskefestival Brandøy
	13. april	Lise Marie Th. Litlabø	ImF Stord

Veke 17	21. april	Roald Evensen	Fitjar
		Marit Andresen Røen	Husnes
		Lise Marie Th. Litlabø	Hiskjo
	23. april	Marit Hårklau Ådnanes	Neset
	24. april	Marit Hårklau Ådnanes	Ressursgruppetreff Hardanger
		Ingebrigt S. Sørffonn	Huglo
	26. april	Eirik Stensland	ConTeenNew-konfirmasjon
	27. april	Arne Lindekleiv	Skånevik
		Kenneth Foss	Øystese
		Kenneth Foss	Søfteland
	Ingebrigt S. Sørffonn	Laurhammer	

Veke 18	28. april	Marit Hårklau Ådnanes	Vårtreff Brandøy
	28. april-1. mai	Jorunn og Olav Eikemo,	Vårtreff Brandøy
		Marit og Egil Innvær,	
		Sigrunn og Trygve Eiken m.fl.	
	29. april	Marit Hårklau Ådnanes	Ressursgruppetreff II Shl.
	4. mai	Olav Eikemo	Moster
		Kåre Johan Hamre	Ølensvåg

Veke 19-20	11. mai	Eirik Stensland	Gilje
		Marit Hårklau Ådnanes	Laurhammer
	12. mai	Lise Marie Th. Litlabø	Leirvik Jr. Ving
	16. mai	Linda Aase	Tencafe Samnanger

Veke 21-22	22.-25. mai	Aud Karin K. Ringvoll	Laurhammer
	23. mai	Lise Marie Th. Litlabø	Voss
		Linda Aase	Voss
	24. mai	Aud Karin K. Ringvoll	Årsmøte IMS Øystese
	25. mai	Linda Aase	Voss
		Håkon C. Hartvedt	Fitjar
		Lise Marie Th. Litlabø	Husnes
		Marit Hårklau Ådnanes	Norheimsund
	29. mai	Marit Hårklau Ådnanes	Venestemme Fitjar

Trekking under
IMS Sommarfest 20.-22. juni 2025



Vinn
PlayStation®5 slim
Verdi: 6500,-



NO KAN DU KJØPA LODD TIL INNTEKT FOR



BRANDØY
Misjons- og konferansesenter

**Kr. 20,-
per lodd.**

Mange flotte gevinster:

- PlayStation5 slim (6.500,-)
- Evatrio line grytesett (3.500,-)
- Handstrikka VM-genser Trondheim 2025 (3.000,-)
- Skrumaskin m/tilbehør (2.500,-)
- Hekla duk 130x170 cm (2.000,-)
- Stor spælsaufell frå Granberg garveri (1.500,-)
- Handlaga kniv frå Olav Eikemo (1.500,-)
- Verktøysett (1.200,-)
- Gåvekort leir på Brandøy (1.000,-)
- To sitjeunderlag i skinn frå Granberg garveri (800,-)

<http://lodd.brandoy.no>



INDREMISJONSSAMSKIPNADEN 2025



Brandøy

April:

- 04.-05. Dugnadshelg for heile familien
- 11.-15. Påskefestival 8. klasse +
- 28.-01.05. Vårtreff –for oss over 60

Juni:

- 13.-15. Sommarminileir 2.-4. klasse
- 20.-22. IMS Sommarfest
- 27.-29. Sommarleir 5.-7. klasse

Juli:

- 02.-06. Familieleir

September:

- 08.-10. PÅFYLL - Haustdagar for kvinner

November:

- 14.-16. JuleJunior 4-9 år med følgje
- 21.-23. Ten-helg 8. klasse og eldre
- 28.-30. Adventshelg 5.-7. klasse

Desember:

- 5.-7. Miniadventshelg 2.-4. klasse



Helgatun

April:

- 11.-15. Familieleir -Påske
- 16.-21. Påskeopphald

Juni:

- 24.-26. Minileir 2.-4. klasse
- 24.-26. Tweenleir 5.-7. klasse

September:

- 12.-14. Damehelg
- 25.-28. Friluftshelg (Pusterom og Jaktleir)

November:

- 01.-02. Helgatunhelg
- 14.-16. Førjulshelg 5.-7. klasse
- 14.-16. Ungdomshelg 8. klasse og eldre
- 28.-30. Juleverkstadleir 4-9 år m/følgje

Andre arrangement:

- 24.05. Årsmøte IMS Øystese Bedehus
- 20.-22.06. IMS Sommarfest på Brandøy
- 09.-11.10. Pit Stop Stord
- 24.-26.10. Haustmøtehelg på Leirvik Bedehus

www.indremisjonen.no

Sommarstemne:

- 29.05. Venestemne Fitjar
- 09.06. Pinsestemne Tysnes

Julemesser:

- Førjulsmesse Tysnes
- 22.11. Julemesse Bremnes

Ein adventskalender for påska.

Følg historia om guten Daniel som får oppleve påska år 33 saman med Jesus og får oppleve hans tilgjeving. Kvar dag kjem med eit nytt kapittel og ein fargerik boks med spanande figurar.

Familien sin perfekte fylgjesven for ei meir meningsfull påske.

- Passar for familiar med born i alderen ca 4 til 11.
- Liten nok til å ta med på reise.
- Kan brukes år etter år etter år...



50 år
1975 - 2025
SUNNBOK
www.sunnbok.no



Kr. 499,-

IMS SOMMARFEST 2025

Framtid og Håp

FREDAG

Frå 17.00 Innkvartering

18.00 Grillbuffè ute

19.00 Kick off for born i skulealder med **Viggo Klausen**, i møtesalen

19.00 Kick off for ungdomar

20.30 "Rundt leirbålet" i møtesalen
Kjetil Fyllingen i prat med gjester
- **Viggo Klausen m.fl.**

Open kafè heile kvelden

LAURDAG

08.30-09.30 Frukostbuffè

09.50 Ti-på-ti bøn i teltet

10.30 Bibel og fellesskap i teltet

Aud Karin K. Ringvoll

«Jesus - vårt håp»

Barnas sommarfest i møtesalen med **Viggo Klausen**

12.30 Lunsj

13.30 Misjonstivoli

Hoppeslott, bungee-run, lykkehjul, fotball-dart, ansiktsmaling m.m.

15.00 Misjonsløp til inntekt for IMS

16.30 Utflukt for ungdomane

16.30 Seminartid

Viggo Klausen:

«Barn, unge og Den Heilage Ande»

Aud Karin K. Ringvoll:

«Korleis få til ekte fellesskap?»

17.30 Middag

19.00 Alle-saman-møte i teltet med **Viggo Klausen**

Open kafè, fest og basar utover kvelden. Trekking av BRANDØY-lotteriet.

SØNDAG

08.30-09.30 Frukostbuffè

09.50 Ti-på-ti bøn i teltet

10.30 Bibel og fellesskap i teltet

Aud Karin K. Ringvoll

«Jesus - ei framtid med håp»

Felles start med møte og nattverd i teltet. Barnas sommarfest fortset med **Viggo Klausen** i møtesalen

12.30-14.00 Fleksimiddag

Påmelding og informasjon på
WWW.IMS-SOMMARFEST.NO

For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukke-tankar. Eg vil gje dykk framtid og håp.
Jeremia 29,11



AUD KARIN K. RINGVOLL

Forsamlingsmedarbeider i
Flekkerøy Bedehusforsamling
og forkynnar



VIGGO KLAUSEN

Trusformidlar, songforfattar
og muskar

ims
SOMMAR
FEST

BRANDØY
20.-22. JUNI 2025

WWW.IMS-SOMMARFEST.NO



SJEKK UT
EIGE UNGDOMSOPPLEGG



Bernt Arild Gjøvåg
Styreleiar IMS

Med Guds ord til folket

Du og meg er IMS! Me er indremisjonen. Men enda meir er me syken saman med alle Guds born. Og ein dag skal me få tilbe og prisa Herren Jesus Kristus innfor Guds trone – saman med alle dei heilage. Alle dei som elsker Han. Det seier Guds ord til oss, og det kan me festa all vår lit til.

Guds ord er sant! Guds ord er truverdig – for Han er truverdig. Han som er Ordet er vår tru verdig! «Den som trur på Sonen, har evig liv», les me i Joh. 3, 36. Tenk, evig liv!? Kor flott skal ikkje det bli!?! Men verset frå Johannes stoppar ikkje der. Heile verset seier: «Den som trur på Sonen, har evig liv. Den som er ulydig mot Sonen, skal ikkje sjå livet, men Guds vrede er og blir over han.»

Guds ord er alvorleg! Og orda gjer vondt. Men kvifor? Gjer det vondt fordi eg fryktar for at folk skal bli støytt? Eller gjer det meg vondare å tenkja på dei som vil oppleve Guds vrede? Eller gjer det meg aller vondast at Jesus vert vanæra av dei ulydige? Og; kva gjer vondast for Jesus?

«**Med Guds ord til folket**» er slagordet. Gjer me det? Går me med Guds ord ut til folket? Jo, det gjer me. Jamleg vert Guds ord forkynt til folk rundt i dei mange IMS-bygdene. Men forkynter me heile Guds ord? Også dei vanskelege orda?

Kan me seia som Paulus? Han som sa: «Eg er utan skuld om nokon taper sitt liv, for ikkje på nokon måte har eg forsømt å forkynna heile Guds plan og vilje.» Apg 20, 26b-27

«**Kvar bok i Skrifta** er innanda av Gud og til nytte i opplæring, formaning, rettleiing og oppseding i rettferd.» 2. Tim. 3, 16.

Me kan med stort frimod gå ut med heile Guds ord til folket. Me kan forkynna heile Guds råd.

Så kan me ein vakker dag få stå saman med alle dei heilage og ta del i lovprisinga og seia: «Verdig er du, vår Herre og Gud, til å få pris og ære og makt. For du har skapt alt; ved din vilje vart alt til, skapt av deg.» Op. 4, 11

Må Herren vår Gud gjeve oss fred, styrke, frimod og mot til å forkynna til Hans ære!

Sakliste til utsendingsmøte, årsmøte 2024

Øystese Bedehus laurdag 24. mai kl. 11.00-17.30

1. Godkjenning innkalling og sakliste

2. Konstituering

- Val av møtedirigent og varadirigent
- Val av to til å føra møteboka
- Val av to til å signera møteboka
- Informera om tellekorps = valnemnd

3. GF for Indremisjonssamskipnaden Holding AS

- Godkjenning av rekneskap
- Kapitalforhøying i Helgatun Fjellpensjonat AS

4. Årsmeldingar

- Indremisjonssamskipnaden
- IMS-ung

5. Rekneskap Indremisjonssamskipnaden

6. Orientering

- Framnes KVGS
- Brandøy Misjons- og konferansesenter AS
- SunnBok AS
- Helgatun Fjellpensjonat AS
- Helgatunlia

7. Val

- Leiar for 1 år
- 3 styremedlemer for 2 år
- 3 varamedlemer for 1 år
- Val- og fullmaktsnemnd
- Revisor

8. Økonomi

9. Endring av lover

10. Medverknad og synleggjering

11. Satsingsområde 2025-2030


12. Samtale om arbeidet

Fullstendige årsmeldingar, rekneskap og oppdatert info til utsendingsmøtet vert lagt ut på nettsida vår:

www.indremisjonen.no

Presentasjon av kandidatar til val av nytt styre i IMS

Leiarkandidat



Bernt Arild Gjøvåg
49 år, Stord
Har vore leiar i IMS-styret siste året. Aktiv i Horneland indremisjon, og er medlem av styret til Framnes KVGs, samt nestleiar i styret for SKAPER. Eg set stor pris på den rike historia og den djupe tilliten til Bibelen som ein finn i IMS. Eg ønskjer å bidra til ei teneste til Guds ære og vil styrkje IMS i møte med forføringar.



Oddvar Martin Torget
61 år, Bjørnafjorden
Økonomisekretær ved Kongshaug Musikkgyrmas. Formann i styret for Os Indremisjon, og medlem i IMS-styret. Guds ord må forkynnast til nye generasjonar og til oppbygging, fornying og vekkjing. Arbeida for å ta vare på vennsamfunnet og bønneemøta på bedehuset.



Hilde Karin Vedøy Eiken
49 år, Fitjar
Lærer ved Rimbareid barne- og ungdomsskule. Eg tek del i arbeidet på Fitjar bedehus og i Fitjar kyrkje. Er også leiar i tysdagsklubben på Øvrebygda bedehus. Har vore med i IMS-styret siste periode. Eg har brukt mest tid på kristne tilbod for barn, og vil jobbe for at barn og unge skal bli kjende med Jesus ved trusoppplæring, barneleg, og ved å kunne reise på leir.



Sven Tore Kulleseid
64 år, Samnanger
Pensjonist.
Har jobba Teknisk Drift i Samnanger kommune siste 15 åra. Er med i Samnanger misjonsforsamling. Brenn for at fleire skal bli vunne for Jesus. Har vore varamedlem til IMS-styret dei siste åra.

Kandidatar varavalet



Vidar Giske
64 år, Øvrebygda i Fitjar
Ansatt i Nav og deltidspensjonist. Leder for Øvrebygda Indremisjon. Ivrrar for det lokale arbeidet på bedehuset.



Marianne Heggholmen Aarbø
55 år, Fitjar
Økonomisjef i Stord kommune. Har vore varamedlem til IMS-styret siste året. Eg er opptatt av at me har fellesskap som tar misjonsbefalinga på alvor. Forsamlinga skal vere ein stad der me får styrke i fellesskapet med andre kristne. Der skal me få inspirasjon til å nå ut til dei me møter i vår kvardag i og utanfor bedehuset og kyrkja. Eg ønskjer også å sjå meir nettverksbygging mellom dei ulike bedehusa i kretsen vår.



Jan Ole Høiby Hansen
57 år, Fusa
Industrimekaniker og CNC-operatør hos Frank Mohn. Vara til IMS-styret siste året. Er med i Barne- og ungdomsrådet for Samemisjonen, engasjert i barne-, ungdoms- og konfirmantarbeid. Har alltid vore glad i bedehusa rundt om. Sit i styret for bedehuset på Fusa. Er med i Fusa Sokneråd.

Desse sit eitt år til:
Henriette S. Bjørnevik
Eva Karin Schmidt
Tor Tveitane



Det skal veljast leiar for 1 år, tre styremedlemer for 2 år og tre varamedlemer for 1 år.

Nøkkeltal frå IMS sin rekneskap


	2024*	2023	2022
Driftsinntekter	5 807 582	5 544 354	5 912 951
Driftskostnadar	6 616 374	6 195 892	6 227 758
Driftsresultat	-808 792	-651 538	-314 807
Finanspostar	199 205	195 933	95 619
Skattekostnad	-6 685	-6 677	-5 257
Ekstraordinære postar**	515 535	4 000	681 359
Årsresultat	-100 737	-458 282	456 914
Eigendeler	93 685 049	91 776 236	76 323 214

Sal i Helgatonlia*** 12 923 878


* Rekneskapskala for 2024 er før revisjon. Oppdaterte tal vert lagt ut på nettsida så snart dei er klar.

** I 2024 er det inklusiv sal av Sunde bedehus og testamentarisk gåve, og i 2022 sal av Markhus bedehus.


*** Det er seld 2 leilegheiter i Helgatonlia i 2024.



Fordeling av driftsinntekter IMS 2024



Fordeling av driftsutgifter IMS 2024




Kretsarrangement i IMS 2024

Arrangement	Tid og stad	Talar
KRAFT-konferanse	17. februar, Leirvik Bedehus	Sofie Braut
Damehelg	2.-4. februar, Brandøy	Henriette S. Bjørnevik
Familieleir*	22.-26. mars, Helgatun	Kåre Johan Hamre, Marit A. Røen m.fl.
Årsmøte IMS	20. april, Leirvik Bedehus	Runar Landro
Vårtreff	22.-25. april, Brandøy	Olav Eikemo
IMS Sommarfest	14.-16. juni, Brandøy	Viggo Klausen, Vidar Mæland Bakke
Sunnhordlandstreff*	12.-16. august, Helgatun	Klaus Muff
Kvinnedagar	9.-11 september, Brandøy	Kirsti Angvik Frugård og Bjørg Marit Notland
Damehelg*	13.-15. september, Helgatun	Lise Marie Thuestad Litlabø
Jakt- og friluftsløysleir*	19.-22. september, Helgatun	Svein Barne Aase
Pit Stop	10.-12. oktober, Leirvik Bedehus	Lars Magne Ådnanes m.fl.
Haustmøte	25.-27. oktober, Leirvik Bedehus	Jens-Petter Jørgensen
Helgatunhelg*	1.-3. november, Helgatun	Aksel Ingvard Johannessen, John Olav Thauale

*Helgatun sine arrangement, i tillegg har dei vinterferieopphald og påskeopphald.

Frå LINK i Norheimsund



Førjulshelg/Ungdomshelg på Helgatun



Familieleir Brandøy



Misjonsløp under IMS Sommarfest





Vi vil bygga varme, inkluderande fellesskap, vinna nye for Jesus, og gjera dei til Hans disiplar.

Årsmelding for IMS 2024

Fleire kjem til tru

I ei årsmelding er det nødvendig å måla arbeidet opp mot mål og visjon. Er fleire komen til tru, og blir dei gjort til hans disiplar?

I haust fekk me spørsmål frå ImF ved Runar Landro omkring kor mange som kjem til tru i arbeidet vårt. Ni forsamlingar, fem kretsar og tre skular svara. Tilsaman har over 80 menneske tatt imot Jesus dei siste tre åra gjennom forsamlings- og kretsarbeid, også i IMS veit me om fleire det siste året. I tillegg har minst 70 elevar gått frå bevisst ikkje kristen tru til klar vedkjenning, og minst 130 unge ved skulane har gått frå uavklart tru til bevisst tru. Mange av desse går på Framnes KVGS.

Tru er prosess – sårbeid er viktig

Andreas Bjørntvedt, pastor Fredheim, har forska på kva som formar folk si tru. Av 585 spurte, svarar 58 prosent at endring til tru skjer gradvis. Sårbeid har skjedd på bedehuset, i barne- og ungdomsarbeidet. Takk til deg som trufast er med i dette sårbeidet. Bjørntvedt fann i same undersøkinga ut at leir for mange har hatt stor betydning for tru. Venner vart viktige, og mange deler at leir i ungdomstida fekk betydning for vegen dei gjekk vidare.

Tenlege lokale og verkekräftig forsamling

Vågen bedehusforsamling er eksempel på ei forsamling som har hatt fin vekst i fleire år. Dei siste åra har dei leigd gymsalen på skulen, og kunne då vera 160 personar til stades – liten og stor. 18.-20. oktober var det opningshelg for Ølensvåg sitt nye bedehus, der bedehusforsamlinga no held til. Det er inspirerande at ein vel å satsa. Me ynskjer å heia fram lokale forsamlingar, der alle generasjonar kan trivast og veksa.

Små båter – nye former for fellesskap

I 2024 vart me introduserte for «Små båter» - av Rune og Marte Kvilhaugsvik. Dette er berekräftige små fellesskap, etter modell frå England, men som me ser kan passa veldig godt for våre norske bygdesamfunn. Me treng nye måtar å vera «kyrkje» på, som kan arbeida side ved side med tradisjonell verksemd, slik at flest mogleg kan bli kjend med Jesus.

Sjølv om me har mange gode eksisterande forsamlingar og fellesskap, er det alltid behov for nye, fordi me ynskjer å sjå menneske frelst. Me ynskjer å vera eit indremisjonsfolk som har nød og kall for menneske rundt oss, ja, for indremisjon. Kva er ropet eller behovet på din heim plass? Kva kan Gud leia inn i? Korleis kan me la Guds rike koma, og la Hans vilje skje (Matt. 6, 10)?

Framtida vår

«Summen av følelsen av krise, og muligheten for en bedre situasjon, må alltid være større enn omkostningen for at endring skal skje», sa Øystein Engås for mange år sidan.

Oppleving av krise kan mobilisera nødvendig endring for framtida. Viss me har det greit der me er, ser me ikkje behov for å endra.

Alle generasjonar er viktige, og det er gjerne lettast å nå sin eigen generasjon. Samtidig veit me at om me ikkje har med nøkkelgenerasjonen – dei i alderen med små barn – er det eit spørsmål kor lenge forsamlinga er levedyktig. Me ynskjer å fremja Guds rike og halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid, slik det står i IMS sitt formål.

ImF-prosess

I mars 2023 fekk prosessen sin restart, der den no vert leia ut frå følgjande verdiperspektiv:

- Meir misjon
- blir me eit betre «vi»?

Eit viktig spørsmål me alltid bør stilla er korleis me kan få til mest mogleg misjon. Så ynskjer me også å bygga ein kultur der me kan vera til velsigning for fleire enn oss sjølve, vårt lokale fellesskap, vår bygd og vår krets, ved å dela vår kompetanse og våre ressursar.

I mars 2024 hadde dei ulike kretsgruppene i ImF si siste samling, sidan den enkelte krets har ulike behov og er komen ulikt i prosessen. Like etter vart også IMS si prosessgruppe avvikla.

Me har starta samtale med lokale forsamlingar og ressurspersonar, for korleis me kan ta arbeidet vidare i lokale ressurscenter.

Satsingsområda

Fram til 2025 er dette satsingsområda våre:

- Fellesskapsvekst
- Leir
- Leiartrening

Under årsmøtet vert det eiga sak omkring satsingsområda 2025-2030. Me ynskjer framleis å ha dei same satsingsområda, men endrar kjeneteikna på kva me ynskjer å ha oppnådd i 2030.

ConTeenNew

I april stod 18 flotte IMS-konfirmantar til konfirmasjon på Leirvik bedehus. I september fekk me ta imot 11 nye konfirmantar.

ConTeenNew er IMS sitt konfirmantarbeid for heile kretsen. Me samlast ein gong i månaden frå september til april og dreg på tre turar i løpet av skuleåret. ConTeenNew er arbeid som ber frukt og som me er stolte av å kunna tilby komande konfirmantar i vårt område.

Me er 6 leiarar i konfirmantarbeidet: Hilde Kristin Teigland, Karl Petter Økland, Kjerstin H. Stokken, Bernt Arild Gjøvåg, Solveig Gjøvåg og Eirik Stensland. Dette er ei meningsfylt teneste. Ein får gå litt tettare med nokre få over eit år der Bibel og undervisning er det som står i fokus. Det er fantastisk å sjå den utviklinga konfirmantane har i denne tida.

Leir

Leir er ein viktig del av vårt arbeid, der fleire unge får møta Jesus for første gong. To leirar vart avlyste på Helgatun, den eine på grunn av lite påmeldte og Skiweekenden på grunn av dårleg ver. I 2024 vart «Julejunior» til, ein leir for 4-9 år med følgje. 57 deltakarar reiste til Brandøy den helga. Så var det utruleg kjekt at Tenhelga før jul vart fullteikna.

2021	12 leirar	419 deltok	75 leiarverk
2022	15 leirar	625 deltok	131 leiarverk
2023	15 leirar	584 deltok	103 leiarverk
2024	15 leirar	487 deltok	87 leiarverk

Under årsmøtet i 2023 vart me einige om å tilby økonomisk hjelp til leirdeltakarar som trengte det. Halvparten av prisen på leiren blir då sponsa av lokal forsamling/lag eller av IMS. Dette er heilt anonymt. Fleire nyttar tilbodet. Takk til dykk lokalt som har vore positive til å vera med å støtta dette.

Krinsen

IMS er ei samanslutning av lokale foreiningar, forsamlingar, lag og kontaktar. Ved utgongen av året var talet 125, fordelt slik:

- Indremisjonar 42
- Forsamlingar 6
- Kontaktar 24
- Kvinneforeningar 12
- Andre lag 1
- Kor 4
- Barnelag 24
- Ungdomslag 12

Etter korona har talet vore relativt stabilt.

Arbeidarane 2024

Takk til engasjerte og trufaste medarbeidarar.

Medarbeidarstab IMS:

Marit Hårklau Ådnanes (80 %)
Guri Bjørnevik (80 %)
Lise Marie Thuestad Litlabø (50 %)
Kåre Johan Hamre (60 %)
Marit Andresen Røen,
tar enkeltoppdrag
Eirik Stensland (80 %)
Linda Aase (50 %)
Kristine Særsten,
(55 %) fram til 01.08.

Tilsett lokalt:

Knut Kvamme, Voss (60 %)
Sigrid Hilleren, Voss
(10 % og 15 % frå 01.08.)
Ingrid Kvamme Friborg
(10 % til 31.03.)
Vidar Sangolt, Norheimsund og
Øystese (46 % og 25 % frå 01.10.)
Julie Haaberg, Norheimsund og
Øystese (50 % og 55 % frå 01.04.)
Solveig Hosøy, Øystese
(30 % frå 01.08.)
Ingvild Løklingholm, Stord
(100 % til 30.09.)
Hilde Kristin Teigland, Stord
(40 % og 50 % frå 01.05.)
Eirik Stensland, Bømlø (20 %)
Ane Michaelsen, Moster
(20 % til 31.10.)
Serina Nøstbakken, Moster, prosjekt,
20 % og 10 % 01.02. til 30.04.
Odd Inge Austevoll, Helgatonlia
(20 % frå 01.04.)
Sjå egne meldingar for tilsette
i avdelingane våre.

Fritidsforkynnarar og frivillige:

Me har hatt desse fritidsforkynnarane i 2024: Ola Malvin Lomheim, Ove-Kjell Sakseid, Ingvild Løklingholm, Håkon C. Hartvedt, Ingebrigt S. Sørfonn, Klaus Muff, Aksel Ingvard Johannessen, Solveig Norheim, Tor Espen Kristensen, Olav Eikemo, Jorunn Eikemo, Svein Bjarne Aase, Sara Brosvik, Arne Lindeklev, Toralf Steinsland, Per Torgeir Nilsen, Kjerstin H. Stokken.

Økonomien

Om me held Helgatonlia utanom, viser årsrekneskapen eit underskot på kr 100 737 (før revisjon), medan driftsresultatet viser eit underskot på kr 808 792. Av ekstraordinære inntekter har vi i 2024 seld Sunde bedehus som gav ei inntekt på kr 515 535. I tillegg har vi mottatt ei testamentarisk gåve på kr 50 000. Året før var årsunderskotet på kr 458 282 (etter revisjon).

Eit viktig fokus framover er å få fleire faste gjevarar. Me har tru for at dette er vegen å gå for å tryggja økonomien til IMS. I dag har IMS 168 faste gjevarar, året før var det 170. Den største gruppa (53 personar) er mellom 70-79 år. Berre 18 av givarane er under 50 år, så her er ei stor gruppe vi kan jobba aktivt inn mot.

Med eitt sinn samla dei seg kvar dag på tempelplassen, og i heimane braut dei brødet og åt i lag med ekte og inderleg glede. Dei song og lova Gud og var godt lika av alt folket. Og kvar dag la Herren til nye som lét seg frelsa.

- Apg. 2, 46-47 -

Varm takk til deg som står med oss i arbeidet, også økonomisk. Det gjeld enkeltpersonar, lag og forsamlingar. Det er de som held arbeidet oppe, og som også er med og bestemmer breidda av engasjementet til IMS.

Meir på nettsida

På nettsida vår, www.indremisjonen.no, vil du finna fullstendige årsmeldingar frå IMS og IMS Ung. Her kan du lesa meir om økonomi, ulike råd og organ, avdelingane våre og større arrangement.

Takk for engasjement!

Å stå saman i tenesta, med same visjon, for Guds rikes sak, vert opplevd rikt.

IMS hadde ikkje gått vidare utan det enorme engasjementet som blir vist på så mange vis. Tusen takk til deg som trufast står med i arbeidet, enten det er i styrer, råd og komitear, i leiararbeidet, som praktisk hjelper, som forkynnar, i ConTeenNew-arbeidet, bidreg med song og musikk under ulike arrangement, og ikkje minst bidreg i bønearbeidet.

Takk til Gud! IMS er først og fremst Hans verk og arbeid. HAN KAN der ting ser umogleg ut for oss. All ære til Gud!



Styret frå april 2024. Nede f.v.: Eva Karin Schmidt, Hilde Karin Vedøy Eiken, Petter Lid, Sven Tore Kulleseid, Tor Tveitane. Bak f.v. Henriette S. Bjørnevik, Marianne Heggholmen Aarbø (sitjande), Bernt Arild Gjøvåg, Jan Ole Høyby Hansen og Oddvar Martin Torget.



Brandøy Misjons- og konferansesenter AS

Aktivitet

I 2024 var aktivitetsnivået høgt, med store grupper og mange bookingar. Av arrangement som Indremisjons-samskipnaden eller Brandøy sjølv har hatt ansvar for, har det vore 16 leirar og arrangement. Spesielt kjekt var det at ungdomsleiren på hausten var heilt fullteikna, med venteliste! 18 andre helger gjennom året var Brandøy leigd ut til lags- og forsamlingsweekendar og konfirmantleirar.

Gjennom året har det vore 5 157 overnattingar (mot 2023: 4 919, 2022: 4 316), og 450 personar på dagsbesøk.

Høgdepunktet var IMS Sommarfest i midten av juni. Brandøy samarbeida tett med IMS om helga, og me fekk god hjelp av frivillige på førehand, og særleg til gjennomføring av helga. Svært mange har gitt positive tilbakemeldingar på arrangementet. Me er takknemlege for å få løfta saman med kvarandre, og for at helga fekk bety mykje for mange.

Det er fint å sjå at mange barn reiser på leir òg dette året! Me veit at det trengs langt meir enn ein leirplass

for å ha leir. Det trengs til dømes mange nok leiarar, villige foreldre, forsamlings- og prioriterer å ha fokus på leir, givarar til både Brandøy og IMS, forbedrarar, sjåførar, - og ikkje minst barn som ynskjer å reise på leir.

Utstyr/bygningar/uteområdet

I løpet av året har flytebyggene fått ei oppgradering og er sikra mot nye stormar, og uteområdet elles fekk eit lite løft før IMS Sommarfest. I desember brann garasjebygget ved personalbustaden ned, truleg grunna ein elektrisk feil. Forsikringsselskapet jobbar no med gjenoppbygging.

Gåver

Det er gledeleg å sjå at det framleis kjem godt med gåver. Det har vore kjærkome. Totalt er det motteke om lag 1,4 millionar (mot 2023: 892 000,- 2022: 960 000,-).

I hovudsak kjem gåver frå privatpersonar, offer i kyrkjer, samt minnegåver. Gåver frå lag og foreiningar går framleis ned, men den faste gjevartenenesta har auka, noko som gjev oss større forutsigbarhet i arbeidet.

Personalet

Tilsette har i året vore Andreas C. Våge (20 %) som dagleg leiar. Daria Holowinska (100 %), Annbjørg N. Våge (70%) og Anita Ivesdal Frafjord (60% frå april).

I tillegg har me hatt fleire timetilsette som hjelper oss under tilstellingar og med vedlikehald.

Rekneskap

Rekneskapen syner eit overskot på kr 461 628,-. Det er investert for kr 97 879,-. Avdrag på lån har vore kr. 382 432,-. Likviditetssituasjon har blitt ein god del betre enn dei siste åra, mykje takka vere refinansiering av lån og auka aktivitet. Brandøy har ein eigenkapitalandel på 53,94 % og er eit solid selskap.

Det er til saman motteke 19 752,- i straumstøtte.

Takk

Brandøystyret vil takka for alle gåver og støtte, all dugnadsinnsats som vert lagt ned, både gjennom dugnadshelger, vaktmeisterteneste og elles gjennom året. Takk til alle som bed for arbeidet på Brandøy.

Helgatunlia

Kjære misjonsvenner

Vi ønsker først og fremst å rette en stor takk for all forbønn og støtte i året som har gått. Fremdeles er det litt aktivitet i Helgatunlia.

Det viktigste å melde er at vi i løpet av 2024 har solgt to leiligheter. Det gjenstår nå fem leiligheter for salg. Inntil disse blir solgt, leier Helgatun ut tre av dem. Denne ordningen sikrer at leilighetene er i bruk, samtidig som vi arbeider videre med salget.

Vi vil oppfordre alle til å hjelpe oss med å spre informasjon om prosjektet. Kjenner du noen som kunne være interessert, eller har du mulighet til å reklamere for leilighetene i din sammenheng?

Dere finner mer informasjon om leilighetene på www.helgatunlia.no eller www.finn.no



Helgatun Fjellpensjonat AS

Verksemda

Helgatun er eit alkoholfritt alternativ der heile verksemda er tufta på det kristne verdigrunnlaget, det er noko mange set stor pris på. Mottoet vårt er «Ekte livsglede i eit varmt og inkluderande miljø». Dette er det viktig å ha fokus på i ei tid der mange kjenner på uvisse og einsemd i ei uroleg tid.

Overnattingar og oppgradering

Overnattingar er den viktigaste delen av driftsgrunnlaget. I 2024 hadde Helgatun 9 548 overnattingar mot 10 087 i 2023. På vinteren møblerte me 4 leilegheiter i Helgatunlia som ikkje var selde, dei har me hatt utleige på frå påsken 2024.

Dette året er heile bygget isolert utvendig, fått ny kledning og terrassar. Alle inngongsparti har fått belegningsstein, nye utelamper og skilt.

Økonomi og gåver

Driftsresultat inklusive gåver viser eit underskot på kr 4 209 551,-. Dette inkluderer oppgraderinga med kr 4 093 371,-. Me har mottatt kr 996 276,- i gåver.

Brukargrupper

Me har hatt mange ulike grupper på besøk. Forsamlingsgrupper, skulegrupper, ulike organisasjonar, ungdomsgrupper, leir, kor, eldre grupper + mange ulike selskap.

Arrangement

Eigne arrangement i 2024: Vinterferieopphald, familieleir i Palmehelga, Påskeopphald, Sunnhordlandstreff, Damehelg, Friluftslivleir og Helgatunhelg.

Personalet

Jorunn og Aksel Ingvard Johannesen, Joanna og Roman Jacuk alle i 100 %. John Morten og Ingebjørg Espevik begge i 50 % ut juni. Veronika Jurova i 100 % stilling. Kamila Jurova i 100 % stilling frå 1. juli.

Helgatunhelsing

Helgatunhelsing kom ut med to nummer i 2024. Bladet er eit viktig organ for å halda kontakten med misjonsfolket, både som marknadsføring, informasjon om arrangement og gjevarteneste.

Takk

Me vil retta ei hjarteleg takk til alle som står med oss i tenesta. Tusen takk for den store dugnadsinnsatsen, gåver, oppmuntring og forbøn. Me treng dykk! Saman skal me vidareutvikla Helgatun til å vera den reiskapen plassen kan vera i Guds rikes arbeid. Den oppgåva er viktigare enn nokon sinne.

Helsar Dykk med 1. Kor 15, 58
«Difor mine kjære sysken, ver støe og urikkelege. Arbeid raust og rikt for Herren! For De veit at i Herren er ikkje arbeidet Dykkar nyttelaust.»

Framnes KVGS

Arbeidet blant elevane på fritida

I 2024 har det vore eit stort arbeid som omfattar elevane si fritid. Me har også dette året sett kor viktig arbeidet miljøarbeidarane våre gjer, og me får stadig tilbakemelding frå elevane om at den jobben dei gjer, er ein viktig del av at dei kjenner at Framnes er ein trygg og god stad å vera.

I året som har gått har det vore stort oppmøte på både onsdagsmøta og søndagsmøta. Mellom 100-130 elevar stiller trufast på møta. Gjennom å ha korte andakter, leie møter, spele og syngje på møta og styre tekst og lyd, får elevane mykje god trening. Det er gledeleg å sjå korleis mange blir trygge i sine roller gjennom tida dei har på Framnes.

«Krigarane» er også ein viktig arena for mange av elevane. Det er ei samling kvar tysdag på om lag ein time. Då er det undervisning, samtale i grupper og bøn for kvarandre som er fokusområda.

Over 100 elevar har vore med på bibelgruppene, og me har ikkje nok personale som kan ta i mot så mange. Difor har vg3 elevar leia ein god del bibelgrupper.

Miljøavdelinga lagar mange gode arrangement gjennom året. Nokre av aktivitetane er faste, medan andre kjem til undervegs. Eksempel på faste aktivitetar er KRIK på torsdagar og fredagskos på hemsens/peisestova på fredagar. Begge desse aktivitetane høyrer med for mange av elevane våre. Kvar helg arrangerer miljøarbeidarane ulike aktivitetar. Innhaldet varierer frå helg til helg. Her er fantasien og variasjonen stor. Det er tydeleg at aktivitetane treff ein stor del av elevgruppa. I tillegg til faste aktivitetar på skulen, har me og eit samarbeid med bedehusa i Norheimsund og Øystese. Framnes stiller med transport både til øving med Norheimsund og Øystese ungdomskor og til ungdomsklubben Origo. Fleire av elevane våre er med på desse aktivitetane og synest det er kjekt å komme seg litt ut av Framneshalvøya.

Hausten 2023 arrangerte me for første gong inspirasjonsdagar for russepresidentar og visepresidentar frå ulike kristne vidaregåande skular. Framnes har i fleire år snakka om at me ynskjer å vere ein «annleis-skule», der også fokuset i russetida skal vere annleis enn det

ein gjerne møter på i samfunnet elles. Første treff var ein suksess, og dette vart dermed vidareført og vidareutvikla hausten 2024. Målet er å hjelpe elevane til å tenkje alternativt i fht. russefeiring, og hjelpe dei å samarbeide om gode arrangement på tvers av skulane. Me ynskjer å heie fram alternative måtar å vere russ på, som skil seg frå den vanlege russetida ein møter i samfunnet elles. Me ser at presidentane gjennom desse dagane har fått god kontakt og at fleire fellestreff og arrangement har oppstått som eit resultat av desse dagane.

Økonomi

Dei foreløpige rekneskapstala syner eit overskot på kr 3 176 000,-. Av dette er det gåver på kr 2 422 000,-. I 2024 gjennomførte me ombyggingar for om lag kr 14 mill, og me har behov for å bygge opp att likviditeten. Me er derfor glade for å ha ein god økonomi.

Takk

Me er takksame for arbeidet me får stå i på Framnes, og takkar særleg for samarbeidet med Indremisjons-samskipnaden.



SunnBok AS

Året 2024 var eventyrleg godt for SunnBok når det gjeld omsetningstal. Dei foreløpige tala vi har frå rekneskapsførar viser inntekter på kr 2 182 233,-. Dette er over kr 200 000,- betre enn året før. Og det er første gongen dagleg leiar har opplevd at vi bikkar kr 2 mill i inntekter! Det kan også sjå ut som vi går med rekordstort overskot. Sjølv om desse tala er fantastiske er likviditeten framleis veldig stram og vi kjempar kvar månad for å ha nok til løn og rekningar. Varelageret er stort og veldig variert! Så vi håpar de framleis vil snakke varmt om butikken og oppmode folk om å handle hjå oss. Vi har til dømes mykje fint til konfirmanten, dåpsbarnet eller andre jubilarar, både gaver og pynt til festen.

I år er SunnBok 50 år, og det må feirast. Vi planlegg fleire forfattarbesøk. I mars var Per Arne Dahl her og 23.-24. april kjem Geir Gundersen på besøk. I tillegg har vi fleire spørsmål ute hjå forfatarer som kjem ut med bøker i år. Namn som til dømes Thor Haavik og Daniel Sæbjørnsen har sagt ja til å kome, men dato kan ikkje settast før vi veit meir om når bøkene kjem ut. 5.-7. september kjem Heidi Gellein på besøk. Ho

kjem med ny andaktsbok. Då vert det damekveld på Fitjar bedehus ++. Og vi planlegg boklansering for boka om Marit Andresen Røen.

Vi ynskjer og å ha ei festhelg med arrangement for borna og eit arrangement for dei vaksne i løpet av hausten. Her har vi og nokre spørsmål ute, men ynskjer ikkje gå ut med namn før vi veit meir. Dato kan heller ikkje settast før vi veit når gjestane kan kome.

Vi vonar de vil vera med og be for butikken, for jubileumsarrangement og alt det andre vi driv med. Det er kanskje ikkje noko de tenkjer så mykje over, men arbeidet vi gjer gjennom butikken er eit viktig misjonsarbeid og lågterskeltilbod. Det kjem mange innom butikken som ikkje går i eit kristent fellesskap til dagleg. Be spesielt for desse dyrebare menneska!


I ei verd med mykje uro og bekymring er arbeidet med å spreie den håpefulle kristne budskapen viktigare enn nokon gong. Så det er med stort frimod vi kan selje biblar og andre kristne bøker.



Dagleg leiar Silje Fyllingen

www.sunnbok.no

Hovudsponsorar



FRAMNES
K V G S

Instagram

SCAN OG FØLG OSS!

**EIN SKULE FOR
FELLESSKAP,
FRAMTID OG
VEKST**

Internatskule i Hardanger med
studiespesialisering og idrettsfag

WWW.FRAMNES.VGS.NO

56 års erfaring i bransjen



THORMODSÆTER ENTREPRENØR AS

Vi tilbyr alt innen graving, transport og knuste massar

KONTAKT OSS:

911 01 672 - Øystein (daglig leiar)

e-post: post.te@hotmail.com

**Støtt
annonsørane
våre!
- Dei støttar
oss!**



Oma Baatbyggeri a.s

Tlf: 53 40 98 00

E-mail: post@oma.no

Postboks 200 5402 Stord

Hovudsponsorar



**GRANBERG
GARVERI AS**

**FAMILIEN - HUS - HYTTE
SKINN TIL**



SAUESKINN



BABYPOSE



SOVESKINN
FOR BABY



REINSDYRSKINN

*Godt utvalg i saue-, rein-, geit-, kanin-, ku- og viltskinn etc.,
nappa-/moccaskinn, lær samt tilbehør til syarbeid i skinn.*

**GOD
PÅSKE!**

**BESØK VÅRT FABRIKKUTSALG
I ØLENSVÅG**

Måndag - torsdag	10.00-16.00
Fredag	10.00-17.00
Laurdag	11.00-14.00

Påskeften stengt



Bjoavegen 187 - Ølensvåg



52 76 50 00



post@granberggarveri.no



granberggarveri.no



facebook.com/granberggarveri



Oma Slipp & Mek. Verksted a.s

Tlf: 53 40 30 20 E-mail: slipp@oma.no

Hamnegt. 80 5411 Stord

Hovudsponsorar



RØRKJØP

www.jarlesteinsland.no

Jarle Steinsland as

Telefon: 909 37 265

Totalrehabilitering av våtrom - service

Unik design • kvalitetshåndverk



**MØBEL
SNEKKEREN ^A/_S**

TRAPPER • MØBLER • KJØKKEN • SPESIALINNREDNINGER • MØBELTAPETSERING



Hollunnsdalen • 5430 Bremnes
Tlf. 53 22 30 50 • Mob. 977 44 781
www.mobelsnekkeren-as.no

**Støtt
annonsørane
våre!
- Dei støttar
oss!**

Tysnes - Kvinnherad



Skog og hageprodukter
Salg, service og verkstad
Johannes Tveit: 957 03 909

TRECO-BIL AS

Postboks 57 – 5680 TYSNES

Telefon: 53 43 16 30
Mobiltelefon: 945 09 793



ELEKTRIKAREN PÅ TYSNES

Våge kai - 5680 Tysnes - Tlf. 53 43 22 44



ANDERSLAND BYGG

5685 Uggdal - Tlf.: 53 43 05 00

PTT INVEST A/S

Per Tveit

Tlf.: 92245560

ptt.invest.as@gmail.com

Rune's Maskin

5685 UGGDAL

Telefon: 97 08 12 51



Tysnes Sparebank

- lokalbanken din -

Totalleverandør av tekniske installasjoner til skip,- offshore og landbasert industri

BKS industri as

www.bksas.no Mob: 970 29 453



Lonavegen 15 - 5460 Husnes Tlf. 53 47 81 91
annemariesblomster.no

Hauge Transport

HUSNES

BYGGER'N

TEIGEN

Teigen Bygg & Trelast AS
Opsangervegen 18 - 5460 Husnes

HUSNES

MØBEL

EIN NATURLEG DEL AV HEIMEN

DEKKserviceVEST

DEKKPARTNER



Sunnhordland

ANTIRUST

Fluid Film stoppar rust!

DEKKHOTELL

Kvinnherad

ELKJØP
HUSNES



Husnes Tannlegesenter
Stabburshaugen 5
5460 HUSNES - Tlf. 53 47 70 00



EXTRA
Gjør det billig!
Heiamyrs 11 - 5460 Husnes

EL-PROFFEN

INTO ELEKTRO & RØYR

Sundsvegen 77, 5450 Sunde • Telefon 53 48 20 30 • E-post: tore@intoelektro.no • thomas@intoroyr.no



JA AUTO AS

Bilverkstad • EU-Kontroll • Bosch Car Service
Tlf. 41 41 54 60



BYGGtorget
LØS SAG & TREFØREDLING AS
Nesvegen 283 Husnes Industriområde 59
5474 Løfallstrand 5460 Husnes

KIWI mini pris

- Husnes -

PETOL AS
5460 Husnes - Telefon 53 47 17 51 - Fax: 53 47 17 52 - Mobil: 970 29 480

MEKK®

Husnes Storsenter - Tlf: 53 48 01 00
www.mekk.no

POWER

Husnes Butikkssenter - Tlf.: 53 47 16 08

REINS MASKINERING

Kvinnherad - Vindafjord

SPAR



- du kjenner oss

Husnes Storsenter
5460 HUSNES
www.spar.no

REMA 1000
Husnes

SpareBank
SR-BANK



Velkommen til en ekte sportsbutikk!

sport 1
www.sport1.no

Husnes Sport AS
Husnes Storsenter - Tlf.: 53 47 14 04
husnes.sport@sport1.no

teca[®]

Alt teknisk gjort enkelt for deg!

Thorsen BIL

Sunde - frode@thorsen-bil.no

Totland Transport AS

Varetransport – Flyttrtransport - Varebilutleige

5450 Sunde tlf. 41460000

På hjul for deg!

**YOU
WHO**

Du finn oss i 2. etg
i Husnes Storsenter

BergeSag[®]



Trim

WESTCON[®]

 **Ølen Betong**
www.olenbetong.no

Heimefrå,
men ikkje åleine!

Skal du begynne på vidaregåande til hausten?

Lundeneset er ein vanleg vidaregåande skule, men samtidig mykje meir. Me er ein internatskule der dei fleste av elevane bur på internat. Skulen ligg i Ølensvåg og har om lag 190 elevar.

På Lundeneset er det ei rekke tilbud og moglegheiter som gjer at du kan få ei spennande fritid. Skulen ligg ved både sjø og fjell, i tillegg til at me har gymsal, sandvolleybane, styrkerom, musikkrom, robåtar, kunstgrasbane og så vidare.

Moglegheitene er der – det er berre å ta dei i bruk! Me har òg tilbud om kristne samlingar, og me har miljøarbeidarar som lagar ulike arrangement og møtepunkt både på vekedagane og i helgene. Alt dette gjer Lundeneset til ein skule med eit spesielt miljø og mange gode relasjonar!

Les meir om oss og send søknad på

lvs.no

IT og medieproduksjon

Velger du IT og medieproduksjon vil du ha mulighet til å skape morgendagens kanaler og produkter, enten det gjelder TV, film, internett, radio, avis, bøker eller reklame. Du får også opplæring i IT, og kompetanse til å forstå et mediesamfunn i stadig utvikling.

Studiespesialisering

På Lundeneset har vi studiespesialiserende utdanningsprogram med programområdene realfag, og språk, samfunnsfag og økonomi.

Ved å gå tre år på studiespesialiserende får du det beste grunnlaget for videre utdanning på høgskole/ universitet.

Salg, service og reiseliv

Salg, service og reiseliv er retningen for deg som liker mennesker, stadige nye utfordringer, varierte oppgaver, samt liker å yte god service.

Programområdet skal gi deg gode ferdigheter innenfor hovedområdene kommunikasjon/marked, økonomi, reiseliv, arbeidsliv/ logistikk/sikkerhet og teknologiske hjelpemidler.

Påbygging til generell studiekompetanse

Dette er alternativet for deg som ønsker generell studiekompetanse etter to år på yrkesfag.

Kurset bygger på Vg1 og Vg2 fra yrkesfaglige utdanningsprogram, og gir kompetanse for mange studier på universiteter og høyskoler.



Vindafjord - Sveio - Bømlo

KIWI mini
pris

- Ølensvåg -



NORSK

LEK & PARK

5555 Førde - lekogpark.no

BJELLAND  **ELEKTRO AS**

E L E K T R O I N S T A L L A S J O N

EL-PROFFEN

BYGGI SVEIO

5555 Førde - Tlf.: 53 74 34 00

Bagne

Elektro VD AS

Din lokale elektriker

Tlf. 97 00 39 90

bagne.elektro@gmail.com



**ELEKTRIKEREN
PÅ HAUGALANDET**

Frøvik Elektro AS
tlf. 47 49 00 00

elkonor Tittelsnesvegen 544
5550 SVEIO

Ring oss når du trenger elektriker!

KIWI mini
pris

- Sveio -



HAUKÅS
BILVERKSTED OG BENSINSTASJON

Tlf: 53 74 25 51 - Tlf: 53 74 25 50

M=CA

www.mecacarservice.no

SUPER DEKK

Stoffbua

Postboks 24, 5445 Bremnes

Tlf.: 53 42 04 62

www.stoffbuabremnes.no

WINDAPIER

Bømlo

**coop
prix**
5430 Bremnes



AUTO SERVICE

www.auto-service.as – telefon: 53 42 87 80 – mobil: 917 48 797

**Ditt komplette
bilservicesenter på Bømlo**

Verkstad - Drivstoff - Bilvask - Dekk - Leigebil - Leiehengere
Tilhengarar - Matservering - Stor kiosk



G U L L S M I O

Storevarden 3, 5430 Bremnes



BØMLO SKIPSSERVICE

Hovlandsvegen 240 - 5443 Bømlo
Telefon: 53 00 15 00 - E-post: post@bsse.no

hfd

Handelssenteret ditt



EXTRA

Hollundsdaalen - 5430 Bremnes

Åpningstider: mandag - fredag 07-23, lørdag 08-21



Eidesvik Havfiske

Verdiar frå havet



Eidesvik Havfiske AS, 5443 Bømlo TLF. 53 44 78 00 www.eidesvikhavfiske.no



FINNÅS KRAFTLAG



JÆRNA
Bømlo

interoptik
Bømlo Optik

Montér

Sakseid, 5437 Finnås
Telefon: 47 64 60 00
E-post butikk: bomlo@monter.no



LOS
ELEKTRO
AUTORISERT ELEKTROENTREPENØR
Hollundsdaalen, 5430 Bremnes • Tlf. 53 42 21 00

Stort utval i
eigenproduserte
sommарplanter, stauder,
buskar og tre.
Velkommen til oss!

LF

LØNNING FISKERI AS

Vodlavegen 16, 5443 Bømlo

Mobil: +47 97574865, e-post: rune.lonning@lonning-fiskeri.no



Sakseide Gartneri
følg oss på facebook/sakseidegartneri



Neptun Maritime



NLM GJENBRUK

Me har alt
- men ikkje alltid



MOON
media
Film Drone SoMe

Bømlo - Stord

AMFI  STORD

 NORVALD INGE
FYLKESNES
MURING • PUSSING • FLISLEGGING • STEINLEGGING

Ta kontakt så hjelper eg deg vidare med ditt uterom!



anleggsgartner.no
Jostein Grimsbø

ØSTENSEN
S. ØSTENSEN & SØNNER A/S
Postboks 70 - 5445 Bremnes

invia
på vei med oss

teca[®]

Alt teknisk gjort enkelt for deg!

SAG  **BYGG**

SAG & BYGG AS
Mækjebakken
5428 Foldrøyhamn



Trevirke - Nybygg - Rehabilitering
Salg av materiell
Alt etter kundens behov
John Morten: 920 82593 - Arnfinn: 920 87345
Mail: postmaster@sagogbygg.no

Trapperingen
B. INNVÆR AS





BLINK HUS

Steinsbø

Tlf.: 53 42 85 00
e-post: firmapost@kr-steinsbo.no

www.kr-steinsbo.no



KR. STEINSBØ

Hollunddalen 10
5430 Bremnes



GRAVING - SPRENGING - TRANSPORT - JORDSORTERING

Stord Anlegg



Har du planer om å bygge bolig?

Engevik & Tislevoll a.s
Bygghjelp og Entreprenørfirma



MESTERHUS
- det blir som avtalt

www.mesterhus.no

Pb. 13 • 5418 Fitjar • Tlf. 53 45 73 00




Almaas Hotell Stord

FITJAR
SMÅBÅT AS

Leirvik Elektro

**FITJAR
KRAFTLAG**



Engesund
Fiskeoppdrett

Visningscenter



Aarskog
Elektro

AUT. ELEKTROINSTALLATØR • 5419 FITJAR



NORGE P.P. PORTO BETALT

PÅ TAVLA



Velkommen til påske på
HELGATUN



FAMILIELEIR
(Kombileir)
11.-15. april 2025



PÅSKEOPPHALD
16.-21. april 2025

Påmelding: Helgatun tlf. 56 51 98 98
helgatun@helgatun.no



Velkommen til
Vårtreff på Brandøy
-for oss over 60-
28. april-1. mai 2025

Velkommen til fine vårdagar på Brandøy!
Naturen her er ei perle av Guds store
skaparverk med fjord, fjell og skogklede lier.
Her finn du ro og kvile for kropp og sjel.
Det blir samlingar om Guds ord, forbøn og
vitnemål.

Påmelding: indremisjonen.no eller ring kontoret tlf. 53 41 07 04



Velkommen til
**Familieleir på
Brandøy**

2.-6. juli 2025

Påmelding og info:
indremisjonen.no



www.indremisjonen.no



PÅSKEFESTIVALEN
11.-15. april - 8.klasse og oppover
på Brandøy

ims Sjå indremisjonen.no for påmelding og program

Nysgjerrig på ConTeenNew?

Me har eige konfirmasjonsopplegg i IMS som me kallar ConTeenNew. Onsdag 7. mai kl.18.00 inviterar me foresette og kommande konfirmantar til Horneland bedehus.

Der får du informasjon om ConTeenNew og treffa andre som er interessert i å konfirmere seg i IMS.

Du finn meir på indremisjonen.no, under «Informasjon».



CONTEENNEW



TALARAR!



AUD KARIN KJØLVIK RINGVOLL
Forsamlingsarbeidar i Flekkerøy
Bedehusforsamling



VIGGO KLAUSEN
Trusformidlar, songforfattar
og muskar

ims SOMMAR FEST

BRANDØY
20.-22. JUNI 2025
WWW.IMS-SOMMARFEST.NO

HAR DU HUGSA Å MELDA DEG PÅ SOMMARLEIR?

HELGATUN	BRANDØY
24.-26. JUNI Minileir: 2.-4. klasse	18.-19. JUNI Sommarminileir: 2.-4. klasse
24.-26. JUNI Twensleir: 5.-7. klasse	27.-29. JUNI Sommarleir: 5.-7. klasse

PÅMELDING OG MEIR INFORMASJON FINN DU PÅ INDREMISJONEN.NO OG UNDER ARRANGEMENT

